


Årsmelding 2015



KONKURRANSE
TILSYNET
The Competition Authority

26.februar 2016

Denne årsmeldinga følgjer krav frå Finansdepartementet i avgjerder om økonomistyring i staten punkt 2.3.3, råd og anbefalingar til innhald frå Direktoratet for Økonomistyring, og dei særlege rapporteringskrava for Konkurransetilsynet frå Nærings- og Fiskeridepartementet som er overordna departement.

Klagenemnda for offentlige anskaffelser (KOFA)

Sekretariatet for KOFA er administrativt underlagt Konkurransetilsynet. Del 6 – årsrekneskapen - gjeld både Konkurransetilsynet og KOFA. For informasjon om KOFA sine aktivitetar og resultat blir det vist til KOFA sine eiga årsmelding for 2015.

Det alminnelige prisreguleringsfondet

Det alminnelige prisreguleringsfondet blir forvalta av Konkurransetilsynet. Aktivitetar og resultat blir omtala i del 3.1, under punkt 8. Årsrekneskap 2015 for fondet følgjer som vedlegg 4.

Innhald

1. Direktøren har ordet	3
2. Introduksjon til verksemd og hovudtal	5
2.1 Verksemd, samfunnsoppdrag og mål	5
2.2 Organisering og leiding	7
2.3 Nøkkeltal årsrekneskap Konkurransetilsynet og Klagenemnda for offentlige anskaffelser	8
2 Aktivitetar og resultat i 2015	10
3.1 Oppnådde mål og resultatkrav i verksemda	10
3.2 Ressursbruk.....	25
3.3 Vurdering av oppnådde resultat	26
4 Styring og kontroll i verksemda	30
4.1 Overordna vurdering av styring og kontroll i verksemda	30
4.2 Rapportering på øvrige punkt i Tildelingsbrev 2015.....	30
4.3 Bemanning	31
4.4 Nye lokale i 2016.....	32
5. Vurdering av framtidssikter	33
6. Årsrekneskap.....	35
6.1 Kommentarer frå leiinga - årsrekneskapen 2015	35
6.2 Prinsippnote årsrekneskapen	36
Vedlegg 1 – Saksstatistikk	45
Vedlegg 2 – Likestilling og mangfald	46
Vedlegg 3 – Samfunnstryggleik, beredskap og intern tryggleik.....	48
Vedlegg 4 - Det alminnelige prisreguleringsfondet: Årsrekneskap	49
Vedlegg 5 – Det alminnelige prisreguleringsfondet: Rapportering på prosjekt	53

1. Direktøren har ordet

Konkurransetilsynet har som oppgave å handheve konkurranselova. Gjennom effektiv handheving av lova blir det lagt til rette for sunn konkurranse i markedene - til fordel for forbrukarane. Gjennom året var mykje av arbeidet knytt til melde føretakssamanslutningar. Tilsynet greip inn i 5 av desse sakene, det største talet nokon gong i eit einskild år sidan 2007. Fleire av desse gjeld strukturendringar i store, konsentrerte marknader med sal direkte til forbrukarane, som til dømes mobiltelefon-, daglegvare- og bensinmarknaden. Den direkte verknaden for forbrukarvelferda av å unngå konkurranseskade var difor stor.

Strukturkontrollen blir ikkje effektiv om ikkje føretaka respekterer forbodet mot å gjennomføre føretakssamanslutningar til Konkurransetilsynet har handsama saka ferdig. Derfor har tilsynet over lang tid ført ein streng kontroll med dette forbodet. I 2015 fekk fleire føretak gebyr for brot på forbodet, og for første gong vart også eit slikt vedtak prøvd for retten. Tingretten stadfesta vedtaket til tilsynet. Sjølv om saka er anka til lagmannsretten, gjev ei slik sak auka merksemd om forbodet, og styrker dermed den avskrekkande verknaden slik at strukturkontrollen blir meir effektiv.

Konkurransetilsynet fatta to vedtak med inngrep etter forbodsparagrafane i 2015, og er godt i gang med fleire saker som fortset inn i 2016. Året har også vore prega av rettssaker, der tilsynet har fått medhald dei sakene som har blitt anka inn til retten - noko som viser at vedtaka held eit høgt nivå. Våren 2015 fekk tilsynet medhald i Borgarting lagmannsrett i ei sak frå 2011 om anbodssamarbeid om pasienttransport for Oslo Universitetssykehus. Lagmannsretten reduserte likevel gebyra. Dommen er anka inn for Høgsterett. I 2015 behandla Borgarting lagmannsrett også vedtaket frå 2013 der to asfaltselskap fekk gebyr for å ha samarbeidd ulovleg, og gav tilsynet fullt medhald. Dommen er rettskraftig etter at kjæremålsutvalet til Høgsterett avviste anken. Det forsterkar dei preventive verknadene av konkurranselova ved å gi eit kraftfullt signal om at alvorlege brot på konkurransereglane blir strengt sanksjonert.

Det høge aktivitetsnivået gjev eit klart signal til føretaka om at brot på konkurransereglane ikkje vil bli tolerert. Bedrifter vil skjønne at reglane blir handheva effektivt, og det gjev dei god grunn til å opptre slik at det er sunn konkurranse i marknaden. Det å påverke bedrifters åtferd slik at dei ikkje bryt konkurransereglane er ein sær viktig indirekte verknad av handhevinga.

Arbeidet med saker etter forbodsparagrafane er tidkrevjande, og resultatene av arbeidet må sjåast over fleire år. For Konkurransetilsynet er effektiv sakshandsaming sær viktig, ikkje minst av omsyn til partane så vel som offentleg bruk av ressursar. Arbeidet med å heve kvaliteten på etterforskinga og gjere den meir effektiv har fortsett, og spesielt bruken av forklaringsopptak har blitt vidareutvikla og forbetra.

I tillegg til effektiv sakshandsaming, skal Konkurransetilsynet ha fagleg kvalitet på sakshandsaminga på eit høgt internasjonalt nivå. Det har vore ein internasjonal trend å auke bruken av kvantitative metodar til å avgrense marknader og analysere verknad av strukturendringar. Tilsynet sitt arbeid er prega av dette. Det har over fleire år systematisk blitt bygd opp kompetanse innan kvantitativ analyse, og eit omfattande internasjonalt samarbeid som tilsynet tek del i har løfta det faglege nivået. Gjennom presentasjonar av våre saker i internasjonale forum har tilsynet også fått faglege tilbakemeldingar som stadfestar at vår sakshandsaming i desse sakene ligg på eit høgt internasjonalt nivå.

I fleire av markedene der tilsynet godkjende strukturendringar på vilkår har tilsynet brukt fleire ulike verkemiddel over tid, frå marknadsundersøkingar, marknadsovervaking, handheving av forboda i konkurranselova i tillegg til strukturkontroll etter konkurranselova kapittel 4. Kombinasjonen av desse har ført til at dei strukturendringane tilsynet til slutt godkjende ikkje fører til ei avgrensing av konkurransen, og syner at ei aktiv handheving over tid gjev resultat.

Sjølv om handheving av forbods- og inngrepsavgjerdene har vore høgt prioritert og effektivt handheva i 2015, har Konkurransetilsynet óg vore aktive med marknadsovervaking og analysar med omsyn til moglege konkurranseregulerande verknader av offentlege tiltak. I fleire marknader har såleis tilhøvet mellom konkurranse og sektorreguleringar stått sentralt. Tre rapportar frå tilsynet har peika på moglege tiltak for å auka konkurransen i markedene for persontransport, bustadutvikling og bustadlån.

Klagenemnda for offentlige anskaffelser (KOFA) var i 2015 oppteken av å redusere tida brukt til sakshandsaming av kvar sak til 3 månader i gjennomsnitt. Dei nådde dette målet allereie i april 2015. KOFA sine brukarar har sagt at tid på sakshandsaming er viktig, så difor har KOFA i 2015 oppnådd resultat som er viktige for brukarane.

Den detaljerte gjennomgangen av aktivitetar og resultat i kapittel 3 syner at også med omsyn til dei andre måla har tilsynet oppnådd resultat som oppfyller krava som er sett i tildelingsbrevet. Det har såleis vore høg aktivitet totalt sett i tilsynet. Stadfesting i retten viser at det har vore høg kvalitet på vedtaka. Høg aktivitet og høgt nivå på arbeidet har gunstige direkte verknader i dei konkrete marknadene som blir påverka. Minst like viktig er det at høg aktivitet og høg kvalitet vil oppmuntre bedrifter til å ikkje bryte konkurransereglane, og såleis sikre gunstige indirekte verknader av tilsynets arbeid i andre situasjonar og andre marknader enn dei som direkte blir påverka.

Bergen, 26.februar 2016



Lars Sørsgard
konkurransedirektør

2. Introduksjon til verksemd og hovudtal

2.1 Verksemd, samfunnsoppdrag og mål

Overordna departement og Tildelingsbrev

Nærings- og fiskeridepartementet legg rammene for Konkurransetilsynet sitt arbeid, og er klageinstans for ein del av tilsynet sine vedtak og avgjerder.¹ Kvart år utarbeider departementet eit tildelingsbrev som legg føringar for Konkurransetilsynet si verksemd. Tildelingsbrevet er òg grunnlaget for innhaldet i årsmeldinga, spesielt for del 3.

Hovudoppgåve

Konkurransetilsynet si hovudoppgåve er å handheve konkurranselova, og konkurransereglane i EØS-avtalen. Konkurranselova forbyr samarbeid som avgrensar konkurransen og misbruk av dominerande stilling. Verksemdar har plikt til å melde fusjonar og oppkjøp til Konkurransetilsynet, og tilsynet skal gripe inn mot oppkjøp og fusjonar som avgrensar konkurransen vesentleg. Tilsynet kan på sjølvstendig grunnlag påpeike konkurranseavgrensande verknader av offentlege tiltak, og fremje forslag med sikte på å styrke konkurransen. Tilsynet kan også sette i verk tiltak for å oppnå meir gjennomsiktige marknader. Konkurransetilsynet kan pålegge lovbrotsgebyr for ei rekke brot på konkurranselova. Visse typar lovbrøt er også straffbare. Føretak som hjelper konkurransestyresmaktene med oppklaring av eige eller andre sitt lovbrøt kan på nærare vilkår oppnå reduksjon eller bortfall av lovbrotsgebyr eller bøter. I det daglege arbeidet legg Konkurransetilsynet vekt på å gi oversiktleg informasjon og rette incentiv til marknadsaktørane, til beste for forbrukarane, næringslivet og offentleg verksemd. Våre vurderingar og vedtak skal halde eit høgt fagleg internasjonalt nivå, og vi skal møte partane med profesjonalitet og respekt.

Samfunnsoppgåve og resultatkjede

Dersom konkurransen ikkje fungerer slik den skal i einskilde marknader kan dette resultere i høgare prisar, svakare kvalitet eller avgrensa innovasjon. Konkurransetilsynet har hermed ei viktig samfunnsoppgåve, då sunn konkurranse aukar velferda både for samfunnet som heilskap og for forbrukarane. Modellen nedanfor viser korleis Konkurransetilsynet gjennom arbeidet sitt formar innsatsfaktorar om til produkt og tenester som har effekt for eksterne brukarar og for samfunnet. Ved å innføre denne resultatkjeda i årsmeldinga kjem tilhøvet mellom ressursar og resultat tydelegare fram. Brukargrupper for Konkurransetilsynet er aktørar i næringslivet og advokatar, politikarar og lovgivarar. Effektar for forbrukarar i form av lågare prisar og betre tilbod blir vist i resultatkjeda under samfunnseffektar. Som for dei fleste verksemdar, er det utfordrande å måle effektar av arbeidet til verksemda då relasjonen mellom aktivitetane og samfunnseffektane ikkje er eintydig. Nokre effektar merkast berre gradvis, eller etter lengre tid, og dei fleste effektane er vanskelege å måle kvantitativt. Resultatkjeda er likevel ein måte å gjere tydeleg samanhengen mellom ressursar, aktivitetar og resultat som blir nærare skildra i del 3 i årsmeldinga.


¹ Regjeringa har planar om å opprette eit eige klageorgan for alle tilsynet sine vedtak og avgjerder.



Figur 1: Resultatkjede

2.2 Organisering og leing

Konkurransetilsynet er ei kunnskapsverksemd, og dei viktigaste ressursane for Konkurransetilsynet er dei tilsette. Bemanninga var ved utgangen av 2015 på 89,2 årsverk fordelt på 101 tilsette. Av desse var 35 juristar og 37 samfunnsøkonomar. Med i dette talet er tilsette i permisjon medan tilsette i KOFA ikkje er med. Gjennomsnittsalderen var 39 år per 31.12.2015.



Figur 2: Organisasjonskart

Organisasjonsstrukturen i tilsynet blir vist i figur 2. Leiargruppa i Konkurransetilsynet består av konkurransedirektøren, leiarane for økonomisk stab, juridisk stab og etterforskningsstab, direktørane for dei tre ulike marknadsavdelingane, i tillegg til direktør for eksterne relasjonar, kommunikasjonsdirektør, administrasjons- og organisasjonsdirektør og direktør for offentlege innkjøp (KOFA). I august 2015 tiltredde Lars Sørsgard stilling som sjeføkonom. Christine Meyer var konkurransedirektør fram til ho byrja i Statistisk Sentralbyrå 1. september 2015. Magnus Gabrielsen har vore fungerande konkurransedirektør, og stillinga vart lyst ut i oktober 2015. Lars Sørsgard blei i statsråd 22.januar utnemnd til konkurransedirektør, og byrja i stillinga måndag 25.januar.

Konkurransetilsynet held til i Bergen. I 2016 vil Konkurransetilsynet flytte inn i nye lokale. Meir om flytting kan ein lese i del 4 i denne årsmeldinga.

Klagenemnda for offentlige anskaffelser

Klagenemnda for offentlige anskaffelser (KOFA) handsamar klagar frå leverandørar eller andre med sakleg klageinteresse som gjeld brot på regelverket for offentlege anskaffingar. KOFA er eit uavhengig statleg organ som er samansett av ei nemnd med 10 medlemmar og eit sekretariat. Administrativt er sekretariatet underlagt Konkurransetilsynet. Sidan verksemdene har ulike mål, aktivitetar og resultat, skriv KOFA eiga årsmelding (del 1 til og med 5). I del 6 blir årsrekneskap samla for Konkurransetilsynet og KOFA rapportert. Meir informasjon om KOFA finst på www.kofa.no.

2.3 Nøkkeltal årsrekneskap Konkurransetilsynet og Klagenemnda for offentlige anskaffelser

Konkurransetilsynet har inga verksemd som gjev omsetning. Som tabellen under viser, utgjer lønsutgiftene størstedelen av vårt budsjett, med 77,6 prosent. Lønstala for Konkurransetilsynet inneheld samla nettoførte refusjonar på 3,602 millionar kroner. For KOFA utgjer dette 0,360 millionar kroner. Husleige og felleskostnader knytte til leige utgjer 10,0 prosent av driftsutgiftene i 2015. Samla fellesutgifter, medrekna IT-drift, arkiv og rekvisita, utgjer saman med husleige 15,9 prosent av driftsutgiftene i 2015. Nøkkeltala som går fram av tabell 1-3 under er basert på definisjonar av Direktoratet for økonomistyring (DFØ):

Kapittel 0911	2013	2014	2015
Tal årsverk	96,6	100,7	100,2
Samla tildeling post 01-23 (NOK)	101 987 000	102 163 000	104 484 000
Driftsutgifter (NOK)	101 634 409	103 589 392	103 298 354
Utnyttingsgrad	99,7 %	101,4 %	98,9 %
Lønsdel driftsutgifter	75,9 %	78,9 %	78,0 %
Lønsutgifter pr årsverk (NOK)	798 101	812 090	804 561

Tabell 1: Nøkkeltal for Konkurransetilsynet og KOFA


Konkurransetilsynet	2013	2014	2015
Tal årsverk	86,6	88,7	89,2
Samla tildeling post 01 (NOK)	90 518 000	91 665 000	94 144 000
Driftsutgifter (NOK)	90 062 735	92 264 679	92 556 880
Utnyttingsgrad	99,5 %	100,7 %	98,3 %
Lønsdel driftsutgifter	75,6 %	78,1 %	77,6 %
Lønsutgifter pr årsverk (NOK)	786 246	811 516	805 649

Tabell 2: Nøkkeltal for Konkurransetilsynet

Klageorgan for offentlige anskaffelser	2013	2014	2015
Tal årsverk	10,0	11,9	11,0
Samla tildeling post 23 (NOK)	11 469 000	10 498 000	10 340 000
Driftsutgifter (NOK)	11 571 674	11 324 713	10 741 474
Utnyttingsgrad	100,9 %	107,9 %	103,9 %
Lønsdel driftsutgifter	77,9 %	86,1 %	81,5 %
Lønsutgifter pr årsverk (NOK)	900 674	816 357	795 742


Tabell 3: Nøkkeltal for KOFA

Kort omtale og grafisk framstilling av driftsutgifter fordelt på art



Figur 3: Konkurransetilsynet sine driftsutgifter etter art

Løn og sosiale utgifter i Konkurransetilsynet utgjør 77,6 prosent av driftsutgiftene. Utgifter nytta til kjøp av varer og tenester utgjorde 22,4 prosent av budsjettet. Husleige og drift av lokale utgjør 10 prosent, medan andre driftsutgifter utgjør 5,9 prosent.



Figur 4: Konkurransetilsynet og KOFA sine driftsutgifter etter art


Totalt for både Konkurransetilsynet og KOFA utgjør løn 78,0 prosent av driftsutgiftene. Husleige og andre driftsutgifter står for 15,5 prosent av dei totale driftsutgiftene. Kompetanse utgjør 1 prosent, medan konsulentbistand og reiser utgjør høvesvis 2,9 og 2,6 prosent. Dette betyr at løn og husleige til saman utgjør 88 prosent av dei totale driftsutgiftene.

3 Aktivitetar og resultat i 2015

3.1 Oppnådde mål og resultatkrav i verksemda

Konkurransetilsynet si årsmelding er eit hovuddokument i styringsdialogen mellom Nærings- og Fiskeridepartementet og Konkurransetilsynet. Tildelingsbrevet frå departementet formidlar mål og resultat som departementet forventar. I resultatrapporteringstabellene på dei neste sidene er mål og resultatkrav vist øvst. Venstre kolonne rapporterer om aktivitetane som tilsynet har gjort (som tilsvarer aktivitetane i resultatkjeda), medan høgre kolonne rapporterer om resultatata (som tilsvarer produkt/teneste og effektane i resultatkjeda). Der departementet har eigne resultatrapporteringskrav er desse tekne med i tabellen, og rapportert på.

Mål 1 er at **Forbods- og inngrepsføresegnene i konkurranselova og EØS-konkurranselova skal handhevast effektivt.** Dette målet gjeld både forbodsføresegn i konkurranselova §10 (ulovleg samarbeid) og §11 (misbruk av dominerande stilling) og inngrepsregelen i konkurranselova §16 (fusjonskontroll). Resultatkjeda, introdusert i del 2, viser samanhengen mellom ressursar, aktivitetar og resultat, og blir i denne delen spissa for høvesvis §§10/11 og §16.




Figur 5: Resultatkjede for handheving av konkurranselova §§10/11

Mål 1: Forbods- og inngrepsføresegnene i konkurranselova og EØS-konkurranselova skal handhevast effektivt - §§10/11	
Resultatkrav 1.1: Konkurransetilsynet skal forsterke handhevinga av forbods- og inngrepsføresegnene i konkurranselova på ein slik måte at lovbrøt blir sanksjonerte raskt og effektivt.	
Aktivitetar	Resultat
<p>Konkurransetilsynet fatta 2 vedtak i §10-saker i 2015. Innhaldet i desse vedtaka er kort omtala i resultatkolonna til høgre (klikk på hyperlenka for nærare omtale).</p> <p>Høg etterforskningsaktivitet. Konkurransetilsynet har hatt høg etterforskningsaktivitet i 2015 med fleire pågåande etterforsknings saker til behandling, med bevissikringar og forklaringsopptak i fleire saker. Saker som ikkje er avslutta enno er ikkje offentlege etter konkurranselova §26 første ledd første setning, og blir derfor ikkje omtala i årsmeldinga.</p> <p>I 2015 har Konkurransetilsynet arbeidd med:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Vurdering av 3 lempingssøknader • Gjennomføring av 2 bevissikringar (i 1 sak) og 45 forklaringsopptak (i 5 saker) • Analyse av bevissikringar og forklaringsopptak frå føregåande år • Vurdering av innkomne tips, klager og andre førespurnader 	<p>V2015-28: Konkurransetilsynet fatta 28. april vedtak der Caverion Norge AS / Caverion Oyj, Ingeniør Ivar Pettersen AS / Pettersen AS og Arro Elektro AS/Arro Holding AS fekk lovbrotsgebyr for brot på konkurranselova i form av ulovleg anbodssamarbeid. Saka handlar om ulovleg anbodssamarbeid i lukka minikonkurransar under rammeavtale om elektrikartenester. Caverion Norge AS / Caverion Oyj fekk innvilga delvis lemping og gebyret blei redusert frå 2,40 millionar kroner til 1,44 millionar kroner. Ingeniør Ivar Pettersen AS / Pettersen AS og Arro Elektro AS / Arro Holding AS fekk gebyr på høvesvis 2,88 og 1,87 millionar kroner. Verksemdene leverte ikkje klage på vedtaket.</p> <p>V2015-25: Vedtaket med lovbrotsgebyr i ES-saka handlar om ei prinsipielt viktig problemstilling knytt til ansvaret bransjeforeiningar har. Saka byrja med bevissikring i 2011 og gjeld ES-kjeden SA, ei bransjeforeining for kvitevareverkstader, som har distribuert informasjon om medlemmene sine prisar, og kome med prisbefalingar på reparasjonstenester. ES-kjeden er ein relativt liten aktør, og gebyret blei vesentleg redusert på grunn av manglande betalingsevne. Vedtaket blei ikkje klaga inn. ES-saka blei følgt opp med ein kronikk av konkurransedirektøren i juni 2015 om bransjeforeiningar sitt ansvar.</p>
<p>Metodikk for etterforskning av moglege brot på konkurranselova §§ 10 og 11. Konkurransetilsynet nyttar i stadig aukande grad forklaringsopptak som verkemiddel til å hente inn informasjon. Utviklinga går dessutan i retning av meir omfattande og detaljerte forklaringsopptak. Konkurransetilsynet har i 2015 arbeidd med å utvikle og effektivisere metodikk for etterforskning av moglege brot på konkurranselova §§ 10 og 11.</p>	<p>Resultatet av satsinga på forklaringsopptak som etterforskningsmetode er auka kvalitet og ei meir effektiv sakshandsaming. Forklaringsopptak er isolert sett tid- og ressurskrevjande, men eit godt klarlagt faktum er ein naudsynt føresetnad for å gjere effektive og fagleg gode juridiske og økonomiske vurderingar. Om alle faktiske, økonomiske og rettslege sider av ei sak er godt opplyst, minkar risikoen for ressurskrevjande rettsprosessar.</p>
<p>Tilsynet skal intensivere arbeidet med å avdekke misbruk av dominerande stilling (§11). Konkurransetilsynet heldt fram med etterforskning etter bevissikring hos Telenor i byrjinga av desember 2012. Tilsynet bekrefta i 2015 ei bevissikring hos Jotun A/S i 2014, i samband med mistanke om mogleg misbruk av dominerande stilling.</p>	<p>Resultata av satsing på §11-saker kan ikkje omtalast i resultatrapportering enno, i det saker som framleis er under etterforskning ikkje er offentlege.</p>
<p>Asfaltsaka. Asfaltsaka har krevd sakshandsamingsressurser óg i 2015. Bakgrunnen er: Konkurransetilsynet fatta i 2013 eit vedtak mot Veidekke ASA / Veidekke Industri AS og NCC AB/ NCC Roads AS. Det vart pålagt lovbrotsgebyr etter konkurranselova § 29, jf. § 10 og EØS-avtalen art. 53. Oslo tingrett avsa dom i 2014. Saka blei anka inn for lagmannsretten som avsa dom i juni 2015. Lagmannsretten kom til at NCC Roads var ansvarleg for ein tilsett sine handlingar, og morselskapet blei halde solidarisk ansvarleg. EU-retten kunne leggjast til grunn ved desse vurderingane. Lagmannsretten auka gebyret frå 140 MNOK til 150 MNOK på grunn av gjentakning. NCC AB og NCC Roads anka saka til Høgsterett, men Høgsterett sitt kjæremålsutval avviste anken.</p>	<p>Samarbeid i asfaltmarknad: 150 MNOK i gebyr. Asfaltsaka blei avslutta i 2015 etter at kjæremålstutvalet til Høgsterett i november 2015 avviste anken frå NCC AB og NCC Roads AS. Dommen i Borgarting lagmannsrett av 29. juni 2015 blei med dette rettskraftig. Dette er ei viktig sak for Konkurransetilsynet. Avslutninga av Asfaltsaka var ein milepæl for Konkurransetilsynet då dette var ei omfattande sak som hadde vore i gang i fleire år. Dommen understrekar kor viktig det er å ha ei effektiv handheving av konkurransereglane ved alvorlege brot på konkurranselova.</p>
<p>Samarbeid i drosjemarknad. Konkurransetilsynet vedtok 4. juli 2011 å pålegge Ski Follo Taxidrift, Ski Taxi BA og Follo Taxisentral lovbrotsgebyr for ulovleg samarbeid i anbodskonkurransar om pasienttransport. Det fall dom i saka i februar 2013. Tingretten</p>	<p>Samarbeid i drosjemarknad til Høgsterett. Saka blei anka inn for Høgsterett. Kjæremålstutvalet til Høgsterett avgjorde i juli 2015 å fremje anken.</p>

Mål 1: Forbods- og inngrepsføresegnene i konkurranselover og EØS-konkurranselover skal handhevast effektivt - §§10/11	
Resultatkrav 1.1: Konkurransetilsynet skal forsterke handhevinga av forbods- og inngrepsføresegnene i konkurranselover på ein slik måte at lovbrøt blir sanksjonerte raskt og effektivt.	
Aktivitetar	Resultat
oppheva Konkurransetilsynet sitt vedtak. Konkurransetilsynet anka dommen. Ankeforhandling i saka blei halde i Borgarting Lagmannsrett januar 2015. Dom låg føre i mars 2015. Lagmannsretten kom til at anbodssamarbeidet var å rekna som eit formålslovbrøt av konkurranselover § 10, men reduserte gebyra.	
	Resultatrapporteringskrav 1.1.1.1 - Tilsynet skal vurdere om vedtak frå departementet og domstol gjev grunnlag for endring i arbeidsform eller metodar, og kva for tiltak som eventuelt må setjast i verk på bakgrunn av vurderinga. I 2015 blei det ikkje gjort forvaltningsvedtak som gav grunnlag for endring av arbeidsform eller metode.
	Resultatrapporteringskrav 1.1.1.2 - Tilsynet skal rapportere på bruken av konkurransereglane i EØS-avtalen i vedtakspraksis. I 2015 blei det ikkje gjort vedtak med heimel i EØS-avtalen artikkel 53 eller 54, men EØS-regelverket er sentralt i vurderingar og behandling av saker som gjeld §§10/11.
1.1.2 Basert på internasjonale erfaringar skal tilsynet utarbeide eigne strategiar for evaluering og synleggjering av samfunnsøkonomiske effektar som følgje av §§ 10- og 11-saker. Tilsynet har i 2015 utarbeidd ein strategi for evaluering av samfunnsøkonomiske effektar.	Resultatrapporteringskrav 1.1.1.3 - Tilsynet skal rapportere og evaluere samfunnsøkonomiske effektar av handhevinga. Av ressursomsyn er det ikkje gjennomført ei eiga evaluering og rapportering av samfunnsøkonomiske effektar av handhevinga i 2015. Tilsynet følgjer med på internasjonalt arbeid på dette området.

Konkurransetilsynet skal gripe inn når ei føretakssamanslutning kan avgrense konkurransen i ein marknad vesentleg. For fusjonskontroll (§16) kan samanhengen mellom ressursar, aktivitetar og effektar visast i ei resultatkjede på denne måten:



Figur 6: Resultatkjede for handheving av konkurranselova §16

Mål 1: Forbods- og inngrepsføresegnene i konkurranselova og EØS-konkurranselova skal handhevast effektivt - §16**Resultatkrav 1.1: Konkurransetilsynet skal forsterke handhevinga av forbods- og inngrepsføresegnene i konkurransereglane på ein slik måte at lovbrøt blir sanksjonerte raskt og effektivt.**

Aktivitatar	Resultat
<p>Føretakssamanslutningar. I 2015 fekk tilsynet inn og vurderte 96 meldingar om føretakssamanslutningar.</p> <p>Det blei vedteke inngrep mot 5 fusjonar/oppkjøp. Innhaldet i desse vedtaka er kort omtala i resultatkolonna til høgre (klikk på hyperlenka for å sjå nærare omtale av vedtaket).</p> <p>I ytterlegare ei sak vart varsel om mogleg inngrep sendt 30.desember.</p>	<p>V2015-1 Konkurransetilsynet tillet at TeliaSonera kjøper Tele2 Norge mot at selskapet mellom anna gjekk inn i ein roamingavtale og selde mobilnettverk og Network Norway til ICE. Føretakssamanslutninga vart tillaten på vilkår som skal bidra til at bygginga av det tredje mobilnettet skal halde fram, noko som er heilt avgjerande for å oppretthalde og styrke konkurransen i mobilmarknadene på lengre sikt. Ved sal av Network Norway, som tilbyr mobiltenester i føretaksmarknaden, vart ein ytterlegare konsentrasjon i marknaden for mobiltenester til føretak forhindra</p> <p>V2015-24: Coop kjøpte om lag 550 butikkar av Ica og alle dei aktuelle marknadene for desse 550 butikkane vart analysert. Det vart gjort vedtak med avhjelpande tiltak 4. mars der Coop selde 93 butikker i 90 marknader.</p> <p>V2015-29: Konkurransetilsynet vedtok 30. juli å tillate føretakssamanslutninga mellom St1 Nordic Oy og Smart Fuel AS på vilkår. Konkurransetilsynet har kome til at oppkjøpet ville forsterka ei vesentleg avgrensing av konkurransen i den norske drivstoffmarknaden. Bakgrunnen for dette er at dei fire nasjonale drivstoffkjedene har klart å stilltiande koordinere åtfærdinga si i marknaden. For å løyse konkurranseproblema har St1 føreslått å selje deira eksisterande 39 bensinstasjonar. Det er ein føresetnad for godkjenninga at St1 gjennomfører dette salet.</p> <p>V2015-30: Orkla måtte selje ut intimsåpemerket Asan for å kunne kjøpe Cederroth Interessenter.</p> <p>V2015-31: Aleris Helse måtte selje klinikkane til Teres i Trondheim og Tromsø for å kunne overta Teres Medical Group.</p>
<p>Ikkje grunnlag for inngrep. Blir sakene avslutta etter at det er sendt ut varsel om at inngrep kan bli aktuelt, sender tilsynet ei kort framstilling av kvifor det ikkje ligg føre grunnlag for inngrep.</p>	<p>I 2015 sende tilsynet ei slik framstilling i 4 saker. Konkurransetilsynet avgjorde mellom anna å tillate at Norgesgruppen ASA kjøpte Tiger AS, kioskverksemda til Esso sine 128 eigeneigde stasjonar. Tilsynet har etter ei grundig vurdering kome til at oppkjøpet ikkje vil føre til eller forsterke ei vesentleg avgrensing av konkurransen i marknaden for sal av kioskarer.</p> <p>Ei føretakssamanslutning som fekk mykje mediemerkeemd var TV 2 – C More som vart meldt i februar. Tilsynet avslutta saka i mars etter ei grundig vurdering basert på eigne analysar og kontakten med aktørane i marknaden.</p>
<p>Konkurransetilsynet har i 2015 arbeidd med oppfølging av vilkår i vedtak frå 2015 og tidlegare år.</p>	<p>Oppfølging vilkår vedtak:</p> <p>Tilsynet følgjer opp forvaltaroppdrag i desse sakene: Bankenes Betalingssentral (BBS) – Teller AS, Mekonomen AB (publ) – Meca Scandinavia AB, Nortura BA - Hå Rugeri AS, TeliaSonera AS (publ) – Tele 2 Norge AS / Network Norway AS, St1 Nordic Oy – Smart Fuel AS, Orkla ASA – Cederroth Interessenter AB.</p> <p>I tillegg rapporterer Nortura SA årleg om oppfølging av vilkår i vedtak V2014-13, og Konkurransetilsynet følgjer opp vilkåra i vedtak om inngrep gjeldande Aleris Helse AS – Teres Medical Group AS. Tilsynet gav delvis unntak for gjennomføringsforbod i COOP-ICA.</p>

Mål 1: Forbods- og inngrepsføresegnene i konkurranselova og EØS-konkurranselova skal handhevast effektivt - §16

Resultatkrav 1.1: Konkurransetilsynet skal forsterke handhevinga av forbods- og inngrepsføresegnene i konkurransereglane på ein slik måte at lovbrøt blir sanksjonerte raskt og effektivt.

Aktivitatar	Resultat
<p>Brot på gjennomføringsforbod. Konkurransetilsynet kontrollerer om meldeplikta for føretakssamanslutning blir overhalden. Tilsynet ser generelt alvorleg på brot på gjennomføringsforbødet. Den potensielle skaden ved brot på gjennomføringsforbødet er stor, sidan eit slik brot vil vere eigna til å hindre ein effektiv kontroll med føretakssamanslutningar.</p>	<p>V2015-2 Konkurransetilsynet vedtok å pålegge Tafjord Kraft AS eit lovbrøtsgebyr på 300 000 kroner og Tussa Kraft AS eit lovbrøtsgebyr på 250 000 kroner for brot på gjennomføringsforbod i samband med skipinga av det felleskontrollerte selskapet Mørenett AS.</p> <p>V2015-32 Konkurransetilsynet vedtok å idømme Contiga AS eit lovbrøtsgebyr på 400 000 kroner for brot på gjennomføringsforbødet i samband med at Contiga overtok ein kontroll i Nor Element AS.</p> <p>Rettsak: Jotunfjell Partners AS fekk i 2014 eit gebyr på kr 700 000 for brot på gjennomføringsforbødet. Saka gjaldt eit oppkjøp av fotobutikkane som tidlegare inngjekk i FotoKnudsen-kjeda etter konkursen i Fyllingsdalen Foto AS (tidlegare FotoKnudsen AS). Jotunfjell Partners tok ut søksmål for Oslo tingrett. I dom frå hausten 2015 opprettheldt retten vedtaket frå tilsynet fullt ut. Retten fann ikkje grunn til å setja ned gebyret som Konkurransetilsynet hadde pålagt. Jotunfjell Partners AS har anka saka inn for Borgarting lagmannsrett.</p>

Mål 1: Forbods- og inngrepsføresegnene i konkurranselova og EØS-konkurranselova skal handhevast effektivt

Resultatkrav 1.2 Tilsynet si sakshandsaming skal ha fagleg kvalitet på høgt internasjonalt nivå

Aktivitatar	Resultat
<p>Konkurransetilsynet har i 2015 halde fram det målretta arbeidet for at sakshandsaminga skal halde eit høgt internasjonalt nivå. Viktige element i dette arbeidet er aktiv deltaking i internasjonale nettverk og internasjonale forum, og intern satsing på kompetanseoppbygging, mellom anna gjennom interne kompetansenettverk. Viktige aktivitatar i denne samanheng er omtala under.</p>	<p>Fleire av Konkurransetilsynets vedtak fekk stor merksemd både i nasjonale og internasjonale nettverk:</p> <ul style="list-style-type: none">• Vedtaket i føretakssamanslutninga mellom Coop og Ica blei presentert for tilsette i NHH, på eit BECCLE-seminar og på Universitetet i Stavanger. Internasjonalt blei saka presentert i ECN. Avdelinga hadde eit etterfølgjande bilateralt telefonmøte med Bundeskartellamt. Konkurransetilsynet har også presentert saka på Danish Forum for Competition Economics i København i januar 2016.• Vedtak i TeliaSonera-Tele 2 blei presentert i ECN, på BECCLE og på ACE-konferansen.• Vedtak i St1-Shell-saka blei presentert i ECN. <p>Resultata av arbeidet viser seg òg i at vedtak står seg i rettsapparatet og ved ankar til departementet:</p> <ul style="list-style-type: none">• Tilsynet fekk medhald i dei tre rettsakene som blei behandla i rettsapparatet i 2015 (to av desse er ikkje endeleg avjort på grunn av anke).• Ingen av vedtaka frå 2015 er påklaga. I klageavgjerdene frå 2015 tok departementet ingen av klagen på avslag på spørsmål om innsyn til følgje. <p>Global Competition Review (GCR) gjennomfører ei årleg undersøking. Konkurransetilsynet fekk i 2015, som i 2014, tre og ei halv stjerne i GCR 'Rating Enforcement'. Rating frå GCR baserer seg blant anna på svar frå norske advokatar, økonomar og journalistar.</p>


Mål 1: Forbods- og inngrepsføresegnene i konkurranselova og EØS-konkurranselova skal handhevast effektivt

Resultatkrav 1.2 Tilsynet si sakshandsaming skal ha fagleg kvalitet på høgt internasjonalt nivå

Aktivitatar	Resultat
<p>Internasjonalt arbeid. Aktiv deltaking i prioriterte internasjonale nettverk er viktig for at tilsynet si sakshandsaming skal ha fagleg kvalitet på høgt internasjonalt nivå. Det bidreg også til å bygge nettverk og utveksling av erfaringar som aukar effektiviteten i sakshandsaminga. I tillegg følgjer deltaking i nokre av organa av tilsynets direktoratasoppgåver. Tilsynet har i 2015 delteke aktivt i følgjande nettverk, i samsvar med sin internasjonale strategi:</p> <ul style="list-style-type: none">• Samarbeid mellom nordiske konkurransestyresmakter• European Competition Network (ECN)• OECD• International Competition Network (ICN) <p>Tilsynet har tett kontakt med ESA blant anna gjennom regelmessige kontaktmøte på leiarnivå, og at ESA bidreg med intern opplæring i EØS-konkurranseregulering som ein sentral bidragsytar på "Internasjonal dag", eit internt opplæringstiltak i tilsynet.</p>	<p>Nordisk samarbeid. Konkurransetilsynet har i 2015 samarbeidd tett med nordiske konkurransetilsyn gjennom nettverksmøte, samarbeid i konkrete saker og generell røynslutveksling.</p> <ul style="list-style-type: none">• Konkurransetilsynet ved etterforskningsstab deltok på to møte i Nordisk kartellnettverk• Konkurransetilsynet deltok på Nordisk møte 2015 på Island. Sentrale tema var konkurranse i helsektoren og taximarknaden. Noreg hadde ansvar for workshopen om taximarknaden.• Konkurransetilsynet har bidrege aktivt til den nordiske rapporten om konkurransen i marknaden for avfallshandtering, som blei ferdig februar 2016.• Konkurransedirektøren deltok på Nordisk direktørmøte i Stockholm, og juridisk direktør på Nordisk juridisk direktørmøte i København. <p>ECN: Konkurransetilsynet prioriterer aktiv deltaking i EU-Kommisjonens nettverk av europeiske konkurransemyndigheiter ECN, og har delteke på 23 møte i 2015. Relevant regelverksutveksling har vorte rapportert til departementet.</p> <p>ECA: Konkurransetilsynet var i juni vertskap for European Competition Authorities Annual Meeting i Bergen, eit møte som samla konkurranseledarar frå 30 land til diskusjon om aktuelle konkurransepolitiske tema.</p> <p>OECD: Konkurransetilsynet representerte Noreg i OECDs konkurransekomité, og har deltatt i og rapportert til departementet frå møta i 2015. Konkurransetilsynet har som målsetting å vere ein aktiv bidragsytar til arbeidet i OECDs konkurransekomité. Konkurransetilsynet har utarbeidd skriftleg bidrag til Roundtable on competitive neutrality in competition enforcement. I tillegg har Konkurransetilsynet sendt årsmelding for 2015 til OECD.</p> <p>ICN: Konkurransetilsynet har som målsetting å vere ein aktiv bidragsytar i det internasjonale nettverket av konkurransestyresmakter ICN, mellom anna ICN Cartel Working Group som har som hovudfokus å fremme internasjonalt samarbeid ved etterforskning og avdekking av globale kartell. Konkurransetilsynet har i perioden 2013-2015 vore co-chair i Agency Effectiveness Working Group (AEWG).</p>
<p>Interne nettverksgrupper. Konkurransetilsynet har i seinare år, mellom anna gjennom nettverksgrupper, arbeidd målretta med å heve kompetansen.</p> <p>Kvantitativ nettverksgruppe består av tre økonomar frå kvar marknadsavdeling og økonomisk stab. Målsettinga med gruppa er å vera ein ressurs for tilsynet, og dessutan heve kompetansen og sikre ei riktig og heilskapleg nytte av kvantitative metodar. Kompetansebygging skjer hovudsakleg gjennom saksarbeid, og dessutan gjennom undervisings- og seminarverksemd. I løpet av 2015 har medlemmar i ulik grad vore involvert i alle dei større sakene ved tilsynet. Gruppa er godt forankra i organisasjonen og blir nytta aktivt som ein ressurs i det daglege saksarbeidet.</p> <p>Juridisk nettverksgruppe består av deltakarar frå juridisk stab, dei tre marknadsavdelingane, og dessutan etterforskningsstab. Juridisk nettverksgruppe har etablert faste møtetidspunkt på månadleg basis i 2015/16.</p>	<p>Kompetanse innan kvantitativ analyse. I løpet av 2015 har det kompetansebyggande arbeidet gitt utslag i at kvantitative analysar har stått sentralt i fleire av dei større fusjonssakene, mellom anna i Coop/Ica, TeliaSonera/Tele2 og St1/Shell, og sikra ein riktig og heilskapleg bruk av kvantitative metodar. I dei tre nemnde sakene er det brukt til dels svært ulike typar data og metode, alt frå data frå spørjeundersøkingar blant kundar til detaljerte prisdatabaser frå partane. Det illustrerer at tilsynet tilpassar bruk av metode til den aktuelle saka, og har opparbeidd seg ein brei kompetanse innan kvantitativ analyse. Erfaringsmessig kan bruk av kvantitative analysar vere til hjelp for å ta betre og meir informerte avgjerder. Konkurransetilsynet vil såleis halde fram det kompetansebyggande arbeidet og fremme bruken av kvantitative analysar i konkurransesaker.</p> <p>Juridisk nettverksgruppe har skapt eit forum for erfarne juristar i tilsynet for diskusjon av juridiske problemstillingar, og dessutan eit forum der deltakarane kan utveksle røynslar frå enkeltsaker eller prosjekt dei har delteke i. Dette bidreg til betre informasjonsflyt, kvalitetssikring og meir effektiv handheving på kort og lang sikt.</p>

Mål 2: Forsterke dei allmennpreventive effektane av konkurranselova**Resultatkrav 2.1: Tilsynet skal dokumentere auka kjennskap i næringslivet og allmenta til konkurranselova og Konkurransetilsynet si handheving**

Aktivitatar	Resultat
<p>Synleggjering av effektane av effektiv konkurranse og formålet med konkurransepolitikken har òg i 2015 vore eit høgt prioritert område. Nettsida www.konkurransetilsynet.no, som vart oppgradert i 2015, er eit svært viktig verkemiddel for å vere synleg, og bevisstgjer om tilsynet sitt arbeid og resultatane av handheving av konkurranselova. For å realisere måla om å vere synleg har Konkurransetilsynet:</p> <ul style="list-style-type: none">- Hatt 44 nyheitssaker på den eksterne nettsida konkurransetilsynet.no- Sendt 8 nyheitsbrev til målgruppa journalistar- Sendt 12 nyheitsbrev til målgruppa advokatar- Sendt 5 nyheitsbrev til målgruppa interesserte- Hatt 32 leiarartiklar og kommentarar i sentrale medium Artiklar frå Christine Meyer og Lars Sjørgard finst på kt.no- Hatt 3 stands på høgskular / universitet- Tatt imot eit skulebesøk- Hatt 4 bedriftspresentasjonar- Produsert ein eigen årsbrosjyre for 2014/2015- Fått og tatt i bruk Instagramkonto- Brukt systematisk sosiale medium som FB, Twitter og Instagram- Publisert eit YouTube filmklipp knytt til utfordringar i taximarknaden- Vore månadleg arrangør av webnettverk for redaktørar	<p>At Konkurransetilsynets vedtak er godt synlege bidrar til ein tydeleg og føreseieleg konkurransepolitikk slik at næringsdrivande tenkjer seg godt om før dei inngår ulovleg samarbeid, og til betre forståing av konkurransereglar i næringslivet. Aktørar i næringslivet blir i tillegg avskrekka frå å drive konkurransekriminalitet. At tilsynet er synleg bidreg òg til fleire nye saker gjennom nye lempingssøknader og tips frå næringslivet. Dei tre rapportane til tilsynet i 2015 med tema bank, drosje og bustad har hatt ei aktiv formidling i presse, foredrag, møte og nedlastingar på nettsidene våre.</p> <p>I 2015 vart Konkurransetilsynet omtala i 4369 medieklipp i norske medium. Grafen på neste side viser fordelinga av medieklipp over året.</p>
<p>Konkurransetilsynet arrangerte sin eigen konferanse i konkurranserett og har delteke på ei rekke konferansar og seminar, som bidragsytar og deltakar, til dømes BECCLE-seminar og Sandefjordkonferansen.</p>	<p>Konkurransetilsynet sin årlege konferanse i konkurranserett, med nokre av dei fremste ekspertane frå Europakommisjonen, akademia og privat næringsliv, hadde 50 eksterne og 50 interne deltakar.</p>



Figur 7: Medietoppar i 2015 - medieklipp fordelt over året

Mål 3: Overvaking av næringer med konkurranseutfordringar	
Resultatkrav 3.1: Tilsynet skal vurdere konkurransesituasjonen og behov for tiltak for å styrke konkurransen i minst to marknader.	
Aktivitetar	Resultat
<p>Marknadsstudiar. Tilsynet har gjennomført tre marknadsstudiar. Ein kort omtale av dei viktigaste resultata av desse studiane er vist til høgre.</p> <p>Konkurransetilsynet har dei siste åra prioritert betydelege ressursar til ekom-marknadene generelt og mobiltelefonimarknadene spesielt. I 2015 var denne prioriteringa knytt til behandlinga av oppkjøpet til TeliaSonera og til etterforskning av Telenor for moglege misbruk av dominerende stilling.</p> <p>I 2015 har Konkurransetilsynet arbeidd saman med dei andre nordiske konkurransestyremaktene med ein analyse av marknaden for handtering av avfall. Rapporten blei publisert i februar 2016.</p>	<p>Konkurransproblem i bustadutviklarmarknaden: Rapport om konkurransen i bustadutviklarmarknaden viser at svak konkurranse er ei av årsakene til at det blir bygt for få nye bustader og at bustadprisane aukar. Tilsynet har også sett på om offentlege reguleringar og planprosessane i kommunane kan være til hinder for ein effektiv konkurranse i marknaden. Rapporten fekk god mediemerksemd, og har blant anna blitt presentert på Boligkonferansen 2015. Rapporten har bidratt til å synleggjere behovet for endringar i regelverket, og Regjeringa har foreslått fleire formelle endringar i plan- og bygningslova etter rapporten.</p> <p>Drosje – mindre regulering: Hovudbodskapen i rapporten "Et drosjemarked for fremtiden" er at drosjenæringa er overregulert, og at tida er moden for å gi næringa rammer som bidreg til å gi eit kundetilpassa, fleksibelt og moderne drosjetilbod. Krava til å få drosjeløyve avgrensar både utviklinga av næringa og reduserer tilgang og valfridom for drosjekundane. Som tiltak føreslår Konkurransetilsynet blant anna at krava blir tilpassa behovet for å skape konkurranse. Ei framtidretta regulering av drosjenæringa bør gjere det lettare å etablere seg som drosjesjåfør, og heller fokusere på krav som varetar passasjerane sine krav til kvalitet og tryggleik.</p> <p>Sårbar konkurranse i bustadlånsmarknaden. Rapporten framhevar særleg to tilhøve som avgrensingar for ein velfungerande konkurranse i marknaden for bustadlån. For det første er konkurransen i bankmarknaden svært sårbar. Dersom bankane signaliserer planar om framtidige renteendringar offentleg skal det lite til før konkurransen blir svekka. Slik signalisering kan under visse føresetnader innebære eit brot på konkurranselova. For det andre har måten finansstyremaktene innførte krava om auka eigenkapital for bankane vore konkurransehemmande. Konkurransetilsynet foreslår i rapporten fleire tiltak for å fremme konkurransen i bustadlånsmarknaden.</p>
<p>Flyreise – marknadsovervaking: Konkurransetilsynet har følgd nøye med på konkurransen i innanriks luftfart etter at forbodet mot bonusprogram blei oppheva i 2013. SAS og Norwegian har gitt informasjon frå selskapa sine ruterekneskap, bonusprogram og storkundeavtalar på eit utval av norske innanriksruter.</p>	<p>Ut frå analysane Konkurransetilsynet har gjort ser det ikkje ut som gjeninnføringa av bonusprogram førebels har gitt store utslag i innanriksmarknaden. Likevel kan ein sjå visse endringar i marknaden som gjer at tilsynet meiner det framleis er behov for å følgje nøye med på den vidare utviklinga. Konkurransetilsynet har rapportert til departementet at tilsynet derfor vidarefører dagens ordning med opplysningsplikt for SAS og Norwegian på utvalde innanriksruter. Konkurransetilsynets pålegg om å vidareføre opplysningsplikta gjeld ut 2016.</p>
Resultatkrav 3.2: Tilsynet skal overvake marknader nøye for å avdekke moglege konkurranseskadelege fusjonar	
Aktivitetar	Resultat
<p>I 2013 og 2014 påla tilsynet til saman 11 aktørar opplysningsplikt for fusjonar og oppkjøp under terskelverdiane i utvalde marknader kjenneteikna av høg konsentrasjon. I januar 2016 påla tilsynet ytterlegare to aktørar denne informasjonsplikta. Tilsynet vurderer kontinuerleg om det er nødvendig å pålegge plikta til flere aktørar eller i fleire marknader. Tilsynet overvakar marknader òg gjennom medieovervaking og vurdering av tips.</p>	<p>Tilsynet har ikkje pålagt innsending av melding for nokon av dei føreståande føretakssamanslutningane som blei notifisert, jf. opplysningsplikta, i 2015.</p>

Mål 4: Norske interesser skal bli varetekne når Konkurransetilsynet handsamar regelverkssaker i EØS og EØS-enkeltaker	
Resultatkrav 4.1: Tilsynet skal vurdere utfallet av dei EØS-sakene der tilsynet har gitt merknader til overvakingsorgana i enkeltaker, og vurdere utfallet av sakene i høve til formålet med merkadene.	
Aktivitetar	Resultat
Konkurransetilsynet har ikkje gjeve merknader til overvakingsorgana i enkeltaker i 2015.	Resultatrapporteringskrav 4.1.1.1 - Konkurransetilsynet skal rapportere til departementet om utfallet i sakene. Tilsynets vurderingar om utfallet i sakene skal følgje med i rapporteringa. Det har ikkje vore enkeltaker i 2015 der det har vore aktuelt å oversende vurderingar frå tilsynet.
Konkurransetilsynet har lagt følgjande forslag fra EU-kommisjonen ut på høyring i 2015: Høring om nasjonale konkurransemyndighetenes håndhevingsmyndighet	Det har ikkje kome inn høyringsmerknader til Konkurransetilsynet i denne høyringa.
Resultatkrav 4.2: Tilsynet skal aktivt følgje regelverksarbeidet i EU/EØS, gi råd og bistå departementet med korrekt implementering av nytt EØS-regelverk. Norske interesser og posisjonar i dette arbeidet skal vurderast.	
Aktivitetar	Resultat
European Competition Network (ECN) I tillegg til å bidra til effektiv handheving er aktiv deltaking i ECN heilt sentralt for å vareta våre plikter i høve til resultatkrav 4.2. Tilsynet har delteke på 23 møte i ECN i 2015.	Departementet har blitt orientert om agenda før møtet, og det er rapportert om regelverksrelevante prosessar i etterkant av møtet. I tillegg til å aktivt følgje arbeidet i ECN både når det gjeld regelverk og handheving, har Konkurransetilsynet bidrege med ein nasjonal ekspert i ECN-eininga i DG konkurranse. Dette engasjementet vart avslutta sommaren 2015.
Konkurransetilsynet rapporterer fortløpande status på pågåande arbeid i ECN.	Resultatrapporteringskrav 4.2.1.1 - Tilsynet skal innan utløpet av 2015 rapportere på status i det pågåande arbeidet i ECN. Ei oversikt over prosessuelle endringar og aktuelle tema i ECN blei sendt til departementet i mai og i november 2015.
4.2.1 Tilsynet skal følgje opp arbeidet med lempingsprogram i ECN Konkurransetilsynet deltek saman med EU-Kommisjonen, Tyskland, UK og Danmark i eit prosjekt i ECN-regi som ser nærare på forholdet mellom lemping for føretak og personstraff. Formålet med prosjektet er å identifisere om incitament for å søke lemping blir påverka av ein risiko for personstraff, og å foreslå løysingar.	Konkurransetilsynet rapporterer kontinuerleg om regelverksutvikling på dette området til departementet.

Mål 5: Bidra til at konkurranseomsyn blir tillagt vekt innanfor andre politikkområde der Regjeringa ønskjer konkurranse**Resultatkrav 5.1: Saksbehandlinga skal innrettast på ein slik måte at mottakarar av påpeiking etter §9 e tar omsyn til merknadene frå tilsynet**

Aktivitatar	Resultat
Tilsynet har ikkje sendt påpeikingar etter §9e i 2015. Konkurransetilsynet har i 2015 retta merksemda på konkurranseavgrensande reguleringar gjennom marknadsundersøkingar, og fleire kronikkar og foredrag.	Marknadsundersøkingane omtala i del 3 har mellom anna som formål å avdekke konkurranseskadelege verknader av offentlege reguleringar. Tilsynet har òg gjennom kronikkar og foredrag auka merksemda på behovet for å vurdere deregulering i marknader som kan fremje nyetablering og auke konkurransen mellom etablerte aktørar.
I mars 2014 skreiv dåverande konkurransedirektør Christine Meyer ein kronikk i Dagens Næringsliv om manglande konkurranse på prisar på Oslo Lufthavn grunna at heile kiosk- og serveringstilbodet på innland- og utlandområda vart levert av ein aktør. Konkurransetilsynet hadde ein påfølgjande dialog med Avinor der tilsynet understreka at fleire aktørar er viktig for å få til betre konkurranse.	Avinor har lagt opp til at det vil koma fleire tilbydarar etter utvidinga av Oslo Lufthavn er ferdig i 2017. Dette legg betre til rette for konkurranse på pris og kvalitet. Saka viser òg at det kan vera ein føremålstenleg bruk av ressursar å ha ein konstruktiv dialog med partane for å oppnå ynskt effekt for forbrukarar.
Departementet har, blant anna på bakgrunn av rapporten frå Produktivitetskommissjonen frå februar 2015, bedt Konkurransetilsynet å gjennomføre ein foranalyse med sikte på avgrensingar og metodikk for ein eventuell breiare gjennomgang av konkurransehemmande reguleringar. Konkurransetilsynet har utlyst og tildelt eit forprosjektet til Menon for å gjennomføre ein slik foranalyse,	Konkurransetilsynet vil rapportere om resultatane av forprosjektet i 2016.

Mål 5: Bidra til at konkurranseomsyn blir tillagt vekt innanfor andre politikkområde der Regjeringa ønskjer konkurranse

Resultatkrav 5.2: Saksbehandlinga skal elles innrettast slik at konkurranseomsyn blir synlege og at mottakarar av høyringsvar tar omsyn til tilsynets merknader

Aktivitatar	Resultat
<p>Høyringsutsegn. I 2015 har Konkurransetilsynet tatt imot og vurdert 130 høyringar, og prioritert å kome med merknader i 10 høyringsutsegn. Konkurransetilsynet prioriterer å gi høyringssvar i saker der forslaget kjem inn på konkurranseaspekt av betydning. I samband med at høyringssvar blir oversendt til ansvarleg etat, utarbeider tilsynet ein mediestrategi for å sikre god synlegheit om merknadene.</p>	<ul style="list-style-type: none">• Endringer i energiloven• Forslag til endringer av eiendomsmeglingsloven for å øke bruken av tilstandsrapport ved salg av bolig• Forenklinger i plandelen av plan- og bygningsloven• Nasjonal kommunikasjonsmyndighets varsel vedrørende regulering av markedet for tilgang og originering i mobilnett• Evaluering av markedsbalanseringstiltak i jordbruket• Nye likviditetskrav for finansforetak• Anbud på regionale ruteflygninger i Nord-Norge• Forslag til forskriftsfesting av krav til utlån med pant i bolig• Forslag til revidert kapittel 1 i avfallsforskriften om EE-avfall• NOU 2014:11 Konkurranseskilgenemnda - Etablering av et uavhengig klageorgan for konkurransesaker
<p>Status i saker der tilsynet har gitt høyringssvar. Konkurransetilsynet har bistått departementet i ytterlegare endringar i konkurranselova og tilhøyrande forskrifter etter revidert konkurranselov tredje i kraft 1.januar 2014, og i samband med overføring av handheving av medieeigarskap til Konkurransetilsynet.</p>	<p>Prop.37 L: Proposisjonen inneheld eit forslag om å opprette Konkurranseskilgenemnda. Prop.39 L: Forslaget inneber at det berre er Konkurransetilsynet som skal føre tilsyn med fusjonar og oppkjøp i mediebransjen, etter dei alminnelege reglane i konkurranselova.</p>
<p>Tilsynet gav i 2013 høyringsuttalen om lov om god handelsskikk. I høyringssvaret stiller Konkurransetilsynet spørsmål ved om lova kan handhevast på ein effektiv måte. Lova kan skape utfordringar knytte til dobbelthandheving. Samstundes er fleire av føresegnene vage.</p>	<p>Innstilling fra Næringskomitéen om bevilgninger på stasbudsjettet for 2016: Fleirtalet meiner det er meir føremålstenleg å styrke Konkurransetilsynets arbeid overfor daglegvaresektoren enn å etablere ei eiga lov om god handelsskikk.</p>
<p>Tilsynet sende høyringssvar om Forslag til revidert kapittel 1 i avfallsforskrifta om EE-avfall. I høyringssvaret var Konkurransetilsynet kritisk til gjeldande regelverk, og oppfordra til ein omfattande revisjon for å gjere reguleringa mindre detaljert.</p>	<p>Forskriften vart endra med verkna frå 1. januar 2016. Konkurransetilsynet sitt innspel vart delvis imøtekome ved forskriftsendringa, men reguleringa er framleis svært komplisert og detaljert.</p>

Mål 6: Konkurransfagleg forskning.	
Resultatkrav 6.1: Tilsynet skal forvalte prisreguleringsfondet i tråd med nye retningslinjer	
Aktivitetar	Resultat
<p>Prisreguleringsfondet. Fondet har eit tildelingsbudsjett på inntil 6 millionar kroner per år.</p> <p>Utløysing midlar 2015-2016 i oktober 2014. Det kom inn 21 søknader. Tildeling i mars 2015 til ni prosjekt, totalt ca. fem millionar kroner.</p> <p>Utløysing midlar 2016-2017 i oktober 2015. Det kom inn 15 søknader. Tildeling i desember 2015 for 2016-2017 til fem prosjekt, totalt ca. tre millionar kroner.</p> <p>Tilsynet har i tildelinga lagt vekt på kva relevans prosjektet har i høve til fondets formål og aktuelle problemstillingar for Konkurransetilsynet. Det er også lagt vekt på kvalitet og kostnad i prosjektet, forskaren sin kompetanse og tverrfaglege kunnskap. Tilsynet har gjennom tildelinga óg søkt å stimulere til aktivitet både innanfor konkurranserett og konkurranseøkonomi, og dessutan oppbygging av fleire forskingsmiljø innan fagområda.</p>	<p>6.1.1 Tilsynet skal omtale resultatata av konkurransfagleg forskning i årsmeldinga for 2015</p> <p>På bakgrunn av tildelte midlar er det sett i gang ei rekke forskingsprosjekt i 2015. Ved hjelp av midlane er det også gjennomført ei seminarrekke ved BECCLE, i tillegg til at den første årlege internasjonale konferansen innan konkurransepolitikk er halden. Det er òg delt ut masterstipend. Ingen av prosjekta var ferdigstilte per 31.12.15. I nokre av prosjekta er førebels resultat av forskinga presentert for Konkurransetilsynet, medan resultat/førebels resultat i dei øvrige prosjekta vil bli presentert våren 2016. For meir informasjon om rekneskap og kort omtale av prosjekt som har blitt tildelt midlar, sjå vedlegg 4 og 5.</p> <p>Fondet vil bidra til å styrke den konkurransepolitiske forskinga og legge til rette for kunnskapsdeling mellom konkurransetilsyn og akademia, og derigjennom styrke kunnskapsgrunnlaget for handheving. Fleire forskingsmiljø innan konkurransefeltet er blitt så sterke at dei vil kunne gi gode bidrag til å kaste lys over konkurranseverknader frå sin faglege ståstad, og ikkje minst komme med forslag til endringar som kan fremje konkurransen til beste for forbrukarar og næringsliv. Konkurransetilsynet vil fokusere på at forskinga held høg kvalitet, er relevant og blir formidla breitt.</p>
<p>Konkurransetilsynet ønskjer å stimulere til at studentar skriv masteroppgåver innan konkurranseøkonomi og konkurranserett, og legg ut forslag til moglege tema for masteroppgåver på heimesidene.</p>	<p>Formålet med forslag til tema og konkurransen er å auke studentar si interesse for konkurranseøkonomi og konkurranserett, og å utvikle nettverket mellom akademia og tilsynet.</p>
<p>Konkurransetilsynet deler kvart år ut ein pris til beste masteroppgåve i konkurranserett og konkurranseøkonomi. Den beste masteroppgåva fekk i 2015 25 000 kroner i premie.</p>	<p>Pris for beste masteroppgåve innan konkurranseøkonomi blei tildelt Håvard Mork Sandvik for oppgåva "Eksklusivavtalar og investering". Pris i konkurranserett blei ikkje delt ut på grunn av for få innkomne bidrag.</p>
<p>Studentar ved kurset "ECON381 Praksisbasert prosjektarbeid", ved Institutt for økonomi, Universitetet i Bergen, gjennomførte eit prosjekt på vegner av Konkurransetilsynet om bruk av spørjeundersøkingar for å utleie diversjonsrater.</p>	<p>Studentane leverte rapport til Konkurransetilsynet i desember 2015. Arbeidet styrker kunnskapsgrunnlaget for bruk av spørjeundersøkingar for å utleie diversjonsrater.</p>


Mål 7: Forbrukarar og andre etterspørjarar skal ha tilstrekkeleg informasjon til at etterspurnadssida i marknaden fungerer effektivt	
Aktivitetar	Resultat
<p>Konkurransetilsynet avvikla kraftprisportalen i juli 2015, og gav i samband med dette inspel til Forbrukerrådet sin nye straumprisportal.</p>	<p>Forbrukerrådet lanserte den nye portalen på straumpris.no i midten av 2015.</p>
<p>Forbrukerrådet har i 2015 satt i gang arbeid med å etablere ein daglegvareportal. Konkurransetilsynet har tidlegare kommentert at ein daglegvareportal kan bidra til å auke faren for stilltiande samarbeid i matkjeda, og at dette må leggjast vekt på ved utforming av portal.</p>	<p>Konkurransetilsynet har i 2015 hatt kontakt om den nye portalen med Forbrukerrådet og departementet med sikte på å sikre at portalen styrker forbrukarane sitt informasjonsgrunnlag utan samstundes å legge til rette for konkurranseavgrensande informasjonsutveksling mellom kjedene. Arbeidet vil halde fram i 2016.</p>
<p>Konkurransetilsynet har i rapporten om bustadlånsmarknaden, som er gitt ein nærare omtale under verksemdsmål 5, mellom anna fokusert på forbrukarane sitt informasjonsgrunnlag i denne marknaden.</p>	<p>I rapporten foreslår Konkurransetilsynet følgjande tiltak knytt til opplysning av forbrukarar: Finansportalen bør gjerast mer synlig, og det er nødvendig å auke kjennskapen til bankbyttereglane slik at det blir enklare for kundane å bli meir aktive og prisbevisste.</p>

Mål 8: Legge til rette for effektiv og forsvarleg sakshandsaming i sekretariatet for Klagenemnda for offentlige anskaffelser**Resultatkrav 8.1: Tilsynet skal arbeide for at sakshandsamingstida i KOFA er så kort som mogleg**


Aktivitatar	Resultat																																										
Gjennomsnittleg sakshandsamingstid for det aktuelle året:	Resultatrapporteringskrav 8.1.1.1 – Tilsynet skal i 2015 rapportere på status i arbeidet med å forkorte saksbehandlingstida i KOFA																																										
<table border="1"> <thead> <tr> <th></th> <th>2013</th> <th>2014</th> <th>2015</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Prioriterte rådgivande saker</td> <td>62 dagar</td> <td>60 dagar</td> <td>60</td> </tr> <tr> <td>Prioriterte gebyrsaker</td> <td>Ingen saker</td> <td>Ingen saker</td> <td>Ingen saker</td> </tr> <tr> <td>Rådgivande saker</td> <td>534 dagar</td> <td>536 dagar</td> <td>149</td> </tr> <tr> <td>Gebyrsaker</td> <td>504 dagar</td> <td>494 dagar</td> <td>Alle gebyrsaker var ferdig avgjort i 2014, så KOFA behandla ikkje slike saker i 2015.</td> </tr> </tbody> </table>		2013	2014	2015	Prioriterte rådgivande saker	62 dagar	60 dagar	60	Prioriterte gebyrsaker	Ingen saker	Ingen saker	Ingen saker	Rådgivande saker	534 dagar	536 dagar	149	Gebyrsaker	504 dagar	494 dagar	Alle gebyrsaker var ferdig avgjort i 2014, så KOFA behandla ikkje slike saker i 2015.	<p>KOFA-sekretariatet rapporterer fortløpande til departementet. Dette skjer blant anna på etatsstyringsmøta, og i særskilte møte. KOFAs fortløpande saksbehandlingstid framgår også til ei kvar tid på KOFAs eiga heimeside.</p> <p>KOFA-sekretariatets hovedprioritet ved inngangen til 2015 var så raskt som mogleg å oppnå målet om maks. gjennomsnittleg saksbehandlingstid på 3 månader i alle saker. Dette blei oppnådd i april 2015. Vesentlege føresetnader for at målet blei nådd er færre innkomne saker sidan juli 2012 (ca 70% mindre saker enn før klagegebyret blei auka og retten til å pålegge gebyr vart oppheva) kombinert med tilleggsøyvingar slik at talet på saksbehandlarar kunne aukast. Målet etter dette er å oppretthalde denne saksbehandlingstida. Det er viktig for partane som har saker hos KOFA og for KOFAs eigen legitimitet, at saksbehandlingstida er kort. Dette gav KOFAs eiga brukarundersøking hausten 2014 ei tydelig tilbakemelding på. Formålet ved opprettinga av KOFA var også at organet skal være eit effektivt tvisteløysingsalternativ til dei ordinære domstolane. Det er ikkje tilfellet om KOFAs saksbehandlingstid er lengre enn i domstolane.</p> <p>Tabellen under viser utfallet i dei sakene KOFA behandla i 2013 - 2015:</p> <table border="1"> <thead> <tr> <th>Tal behandla saker</th> <th>2013</th> <th>2014</th> <th>2015</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Tal saker med regelbrot</td> <td>69</td> <td>90</td> <td>59</td> </tr> <tr> <td>Tal saker utan regelbrot</td> <td>65</td> <td>99</td> <td>54</td> </tr> <tr> <td>Tal saker trekt av klagar</td> <td>18</td> <td>12</td> <td>5</td> </tr> <tr> <td>Tal avviste saker</td> <td>59</td> <td>75</td> <td>63</td> </tr> </tbody> </table>			Tal behandla saker	2013	2014	2015	Tal saker med regelbrot	69	90	59	Tal saker utan regelbrot	65	99	54	Tal saker trekt av klagar	18	12	5	Tal avviste saker	59	75	63
	2013	2014	2015																																								
Prioriterte rådgivande saker	62 dagar	60 dagar	60																																								
Prioriterte gebyrsaker	Ingen saker	Ingen saker	Ingen saker																																								
Rådgivande saker	534 dagar	536 dagar	149																																								
Gebyrsaker	504 dagar	494 dagar	Alle gebyrsaker var ferdig avgjort i 2014, så KOFA behandla ikkje slike saker i 2015.																																								
Tal behandla saker	2013	2014	2015																																								
Tal saker med regelbrot	69	90	59																																								
Tal saker utan regelbrot	65	99	54																																								
Tal saker trekt av klagar	18	12	5																																								
Tal avviste saker	59	75	63																																								
<p>Ved inngangen av 2015 hadde KOFA 77 saker i restanse, og ved utgangen av året var dette redusert til 36 saker. Med den bemanninga KOFA-sekretariatet hadde ved utgangen av 2015, utgjør dette ca. 3 månaders arbeid. Ved utgangen av året var det ingen saker som var eldre enn 3 månader.</p>																																											
<p>Andre aktivitetar i 2015:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Utgav fire nyheitsbrev. Sentrale Kofa-avgjerder blir kommentert og informasjon om andre aktivitetar blir formidla, for eksempel informasjon om fagkonferansen som blir arrangert kvart år. - Internettsida kofa.no blir brukt til å formidle kunnskap om viktige Kofa-avgjerder og blir jamleg oppdatert. - Fagkonferansen 2015 blei gjennomført. Konferansen tar sikte på å formidle kunnskap om Kofa sine avgjerder og målgruppa er offentlege oppdragsgivarar. Fagkonferansen hadde over 300 deltakarar i 2015 og er å rekna som den tredje største konferansen innan offentlege anskaffingar. - Det blei halde foredrag om Kofas avgjerder hos ulike offentlege oppdragsgivarar. - Samarbeid med juridisk fakultet i Bergen: Tilsette i Kofa-sekretariatet heldt ein to-dagars workshop for studentane på faget public procurement på UIB. - Handterte to saker der gebyrvedtak blei bringa inn for domstolane. 	<p>Gebyr og gebyrsaker</p> <p>Det blei ikkje pålagt nokon lovbrotsgebyr i 2015 då KOFA ikkje lenger har mynde til å pålegge slike gebyr. I januar 2016 kom departementet med forslag til ny lov om offentlege anskaffingar. Ei viktig føreslått endring er at myndet til å pålegge gebyr for ulovlige direkte anskaffingar blir tilbakeført.</p> <p>Meir informasjon om KOFAs mål, aktivitetar og resultat finst i KOFAs eiga årsmelding 2015.</p>																																										

3.2 Ressursbruk

I 2015 utgjorde fagavdelingane (marknadsavdelingane, økonomisk stab, juridisk stab, etterforskningsstab og staben til konkurransedirektøren) 66 årsverk. Konkurransetilsynet har eit eige system for verksemdsrapportering der tilsette i desse avdelingane registrerer tidsbruken sin. Fordeling av ressursbruk mellom dei tre viktigaste sakstypene (§16 – fusjonskontroll, inkludert forvaltaroppdrag og gjennomføringsforbod; §§10/11 – ulovleg samarbeid og misbruk av dominans; §9e – høyringar og påpeiking), viser at fusjonssakene har kravd ein endå større del av ressursane i 2015 enn i 2014.




Figur 8: Fordeling av ressursbruk mellom dei tre viktigaste sakstypene



Figur 9: Del ressursbruk §16 av total ressursbruk i 2014 og 2015.

Handsaming av fusjonssaker er styrt av lovfesta fristar, og må difor prioriterast. Tilsynet har i 2015 prioritert å bemanne saker godt allereie i prenotifikasjonsfasen der det har vore aktuelt. Dette gjev eit betre grunnlag for avgjerda om å prioritere eller avslutte ei sak så tidleg som mogleg. Nokre potensielt krevande saker kunne dermed avsluttast før 25-dagars fristen. Åtti prosent av ressursane brukt på fusjonskontroll i 2015 vart brukt på dei ti sakene der det vart sendt varsel om inngrep. Sommaren 2015 var det fleire store fusjonssaker som kravde grundig utgreiing, og nesten alle tilgjengelege ressursar vart då sett på fusjonssaker. Hausten 2015 kunne tilsynet i større grad prioritere ressursar til andre saker.

Ressursbruk for fusjonssaker har auka monaleg i 2015 samanlikna med 2014, men satsinga på effektiv handsaming av kartell- og dominanssaker gjorde at det lilkevel ikkje vart ein stor nedgang i aktivitetar knytt til desse. I 2015 brukte tilsynet heller færre ressursar på andre saker. På nokre sakstypar - gjennomføringsforbod, lov- og forskriftsarbeid – vart det brukt færre ressursar sidan det var færre saker enn i 2014. Andre sakstypar – påpeiking, utgreiingar, rettleiing - vart nedprioritert av tilsynet sjølv.



Figur 10: Fordeling av ressursbruk over sakstypar i 2015 samanlikna med 2014.

Den viktigaste prioriteringa er likevel prioritering mellom §10-saker. Tilsynet fekk inn fleire §10-saker i 2015 enn i 2014 (sjå vedlegg 1). I tillegg kjem saker som starta med bevissikringar i 2014 og tidlegare år.

3.3 Vurdering av oppnådde resultat

I Tildelingsbrevet for 2015 framgår det at **effektiv handsaming av konkurranselovgevinga** er eit hovudmål for Konkurransetilsynet sitt arbeid. Det går fram av resultatrapporteringa i del 3.2 over at Konkurransetilsynet har hatt eit høgt aktivitetsnivå både knytt til inngreps- og forbodsføresegnene i konkurranselova.

Gjennom året var mykje av arbeidet til Konkurransetilsynet knytt til melde føretakssamanslutningar. Tilsynet greip inn i 5 av desse sakene, det største talet nokon gong i eit einskild år sidan 2007. Fleire av desse gjeld strukturendringar i store, konsentrerte marknader med sal direkte til forbrukarane, som til dømes mobiltelefon-, daglegvare- og bensinmarknaden. Den direkte verknaden for forbrukarvelferda av å unngå konkurranseskade var difor stor.

Strukturkontrollen blir ikkje effektiv om ikkje føretaka respekterer forbodet mot å gjennomføre føretakssamanslutningar til Konkurransetilsynet har handsama saka ferdig. Derfor har tilsynet over lang tid ført ein streng kontroll med dette forbodet. I 2015 fekk fleire føretak gebyr for brot på

forbodet, og for første gong vart også eit slikt vedtak prøvd for retten. Tingretten stadfesta vedtaket til tilsynet. Sjølv om saka er anka til lagmansretten, gjev ei slik sak auka merksemd om forbodet, og styrker dermed den avskrekkande verknaden slik at strukturkontrollen blir meir effektiv.

Samstundes med handsaminga av mange føretakssamanslutningar, har Konkurransetilsynet arbeidd med mange etterforskingssaker. Konkurransetilsynet fatta to vedtak med inngrep etter forbodsparagrafane i 2015, og er godt i gang med fleire saker som fortset inn i 2016.

Handsaming av mange krevjande fusjonssaker samstundes med høgt trykk i etterforskinga av brot på forbodsføresegnene kan sjåast i samheng med at arbeidet med å heve kvaliteten på etterforskinga og gjere den meir effektiv har halde fram. Spesielt bruken av forklaringsopptak har blitt vidareutvikla og forbetra. For Konkurransetilsynet er effektiv samshandsaming særskild viktig, ikkje minst av omsyn til partane så vel som bruk av offentleg ressursar.

I tillegg til effektiv sakshandsaming, skal Konkurransetilsynet ha fagleg kvalitet på sakshandsaminga på eit høgt internasjonalt nivå. Det har vore ein internasjonal trend å auke bruken av kvantitative metodar til å avgrense marknader og analysere verknad av strukturendringar, og arbeidet til tilsynet er også prega av dette. Det har over fleire år systematisk blitt bygd opp kompetanse innan kvantitativ analyse, og eit omfattande internasjonalt samarbeid som tilsynet tek del i har løfta det faglege nivået. Gjennom presentasjonar av våre saker i internasjonale fora har tilsynet også fått faglege tilbakemeldingar som stadfestar at vår sakshandsaming i desse sakene ligg på eit høgt internasjonalt nivå. At Konkurransetilsynet har eit høgt fagleg internasjonalt nivå i si sakshandsaming blir stadfesta av den årlege evalueringa som Global Competition Review gjennomfører, der Konkurransetilsynet også i 2015 får tre og ei halv stjerne og blir omtala som "Best of the Nordics".

Ikkje minst medhald i retten syner at tilsynet har høg kvalitet på sine vedtak. Tilsynet har fått medhald i tre saker i retten. Våren 2015 fekk tilsynet medhald i Borgarting lagmannsrett i ei sak om samarbeid om pasienttransport for Oslo Universitetssykehus. Lagmannsretten reduserte likevel gebyra. Dommen er anka inn for Høgsterett. I 2015 behandla Borgarting lagmannsrett også vedtaket frå 2013 der to asfaltelskap fekk gebyr for å ha samarbeidd ulovleg, og gav tilsynet fullt medhald. Dommen er rettskraftig etter ei avgjerd i kjæremålsutvalet til Høgsterett. Det forsterkar dei preventive verknadene av konkurranselova ved å gi eit kraftfullt signal om at alvorlege brot på konkurransereglane blir strengt sanksjonert.

I samsvar med Tildelingsbrevet er andre viktige mål for Konkurransetilsynets arbeid:

- Strategisk synlegheit
- Marknader med konkurranseutfordringar skal overvakast
- Norske interesser skal varetakast når Konkurransetilsynet behandlar regelverkssaker i EØS og EØS-enkeltsaker
- Bidra til at det blir lagt vekt på konkurranseomsyn innanfor andre politikkområde der Regjeringa ønsker konkurranse
- Konkurransefagleg forskning og utgreiing

Strategisk synlegheit. Tilsynet har over mange år jobba strategisk og målretta for å oppnå høg synlegheit. Det er klart at tilsynet òg i 2015 har lukkast med å vera svært godt synleg i mediebildet. I 2015 vart Konkurransetilsynet omtala i 4369 medieklipp i norske medium. Resultata kan sjåast i samband med målretta satsing på Konkurransetilsynets nettstad www.kt.no, god kontakt med sentrale medium og journalistar, og tilpassa mediestrategi for alle vedtak og høringsutsegner. I tillegg har gjenteken medietrening for sentrale medarbeidarar bidrege til profesjonell og god synlegheit med klare fagbodskap, og gjennom det forsterka dei preventive verknadene av konkurranselova.

Marknader med konkurranseutfordringar skal overvakast. Konkurransetilsynet har i 2015 også hatt høg aktivitet når det gjeld marknadsovervakning og uttaler om moglege konkurranseregulerande verknader av offentlege tiltak. I fleire marknader har tilhøvet mellom konkurranse og

sektorreguleringar stått sentralt. I tre rapportar har tilsynet peika på moglege tiltak for å auke konkurransen: I drosjemarknaden, bustadutviklingsmarknaden og marknaden for bustadlån. Alle desse rapportane har fått god mediemerksmd. I 2015 har Konkurransetilsynet også arbeidd saman med dei andre nordiske konkurransestyresmaktene med ein analyse av marknaden for handtering av avfall. Rapporten vart publisert i februar 2016. Ekom-marknadene generelt og mobiltelefonimarknadene spesielt er andre område som har vore særskilt overvaka dei siste åra. I 2015 var denne prioriteringa mellom anna knytt til behandlinga av oppkjøpet til TeliaSonera.

Norske interesser skal varetakast når Konkurransetilsynet handsamar regelverkssaker i EØS og EØS-enkeltsaker. Konkurransetilsynet rapporterer aktuell regelverksutvikling på konkurranseområdet i EU til departementet gjennom deltaking i ECN-nettverket. Tilsynet har delteke på 23 møte i ECN i 2015. I tillegg til å rapportere om aktuell regelverksutvikling har Konkurransetilsynet arbeidd målretta med å bli oppfatta som ein relevant og aktiv bidragsytar i samarbeidet mellom konkurransestyresmaktene i EU, mellom anna gjennom presentasjonar av aktuelle saker som Konkurransetilsynet har handsama på møte i nettverket, gjennom å svare på spørjeundersøkingar om regelverksstatus i dei respektive landa og gjennom å bidra til å arrangere møte i nettverket. Blant anna var Konkurransetilsynet ansvarleg for å arrangere eit møte mellom konkurransedirektørane i EU/EØS-området sommaren 2015 i Bergen. Vidare deltek Konkurransetilsynet saman med EU-Kommisjonen, Tyskland, UK og Danmark i eit prosjekt i ECN-regi som ser nærare på tilhøvet mellom lemping for føretak og personstraff. Føremålet med prosjektet er å identifisere i kva grad incitament for å søkje lemping blir påverka av risiko for personstraff, og dessutan foreslå løysingar.

Bidra til at det blir lagt vekt på konkurranseomsyn innanfor andre politikkområde der Regjeringa ønsker konkurranse. Konkurransetilsynet har i 2015 retta merksemda på konkurranseavgrensande reguleringar gjennom tre marknadsundersøkingar, og dessutan fleire kronikkar og foredrag. Sjølv om det ikkje har vore sendt formelle påpeikingar etter §9e i 2015, har tilsynet mellom anna uttrykt uro for manglande konkurranse på pris på Oslo Lufthamn grunna at heile kiosk- og serveringstilbodet på innland- og utlandområda er levert av ein aktør. Konkurransetilsynet hadde i den samanheng ein dialog med Avinor der tilsynet understreka at fleire aktørar er viktig for å få til betra konkurranse. Avinor har lagt opp til at det vil komme fleire tilbydarar etter utvidinga av Oslo Lufthamn er ferdig i 2017. Dette vil legge betre til rette for konkurranse på pris og kvalitet. Saka viser óg at det kan vere føremålstenleg å ha ein konstruktiv dialog med partane for å oppnå ønskt effekt for forbrukarane. Konkurransetilsynet prioriterer å gi høyringssvar i saker der forslaget har konkurranseaspekt av betydning. I 2015 har Konkurransetilsynet prioritert å gi merknader i 10 høyringsuttaler. I samband med at høyringssvar blir oversendt til ansvarleg etat, utarbeider tilsynet ein mediestrategi for å sikre god synlighet om merknadene. Utfallet av fleire av høyringsrundane viser at synspunktet til Konkurransetilsynet har blitt teke omsyn til.

Konkurransefagleg forskning og utgreiing. Prisreguleringsfondet har eit tildelingsbudsjett på inntil 6 millionar kroner per år. Det er eit resultatkrav at Konkurransetilsynet skal forvalte fondet i tråd med nye retningslinjer. På bakgrunn av tildelte midlar er ei rekke forskingsprosjekt sett i gang i 2015. Konkurransetilsynet har i vurderinga av søknader lagt stor vekt på at forskinga held høg kvalitet, er relevant og blir formidla breitt. I tillegg til reine forskingsprosjekt er det tildelt midlar til seminar ved BECCLE, den første årlege internasjonale konferansen innan konkurransepolitikk og masterstipend. Ingen av prosjekta var ferdigstilt ved utløpet av 2015. I nokre av prosjekta er førebels resultat av forskinga presentert for Konkurransetilsynet, medan resultat/førebelse resultat i dei øvrige prosjekta vil bli presentert våren 2016. Fondet vil bidra til å styrke den konkurransepolitiske forskinga og legge til rette for kunnskapsdeling mellom Konkurransetilsyn og academia, og derigjennom styrke kunnskapsgrunnlaget for handheving. Fleire forskingsmiljø innan konkurransefeltet har blitt så sterke at dei vil kunne gi gode bidrag til å belyse konkurranseverknader frå sin faglege ståstad, og ikkje minst komme med forslag til endringar som kan fremme konkurransen til beste for forbrukarane og næringsliv.

I Tildelingsbrevet framgår det at **effektiv sakshandsaming i sekretariatet for Klagenemnda for offentlige innkjøp** óg er eit hovudmål for arbeidet til Konkurransetilsynet. For KOFA-sekretariatet har det ved inngangen til 2015 vore ein hovudprioritet å raskast mogleg oppná målet om ei maksimal gjennomsnittleg sakshandsamingstid på 3 månader i alle saker. Dette vart oppnádd i april 2015. Vesentlege føresetnader for at målet vart nádd er færre innkomne saker sidan juli 2012 (ca 70% færre saker enn før klagegebyret vart auka og gebyrfullmakta forsvann) kombinert med tilleggsløyvingar slik at tal tilsette i sekretariatet kunne aukast. Målet etter dette er å halde oppe denne sakshandsamingstida. Det er viktig for partane som har saker hos KOFA og for KOFAs eigen legitimitet, at sakshandsamingstida er kort. Dette gav KOFAs eiga brukarundersøking hausten 2014 ei tydeleg tilbakemelding på. Målsettinga med skipinga av KOFA var òg at organet skal vere eit effektivt tvisteløysingsalternativ til dei ordinære domstolane. Det er ikkje tilfellet om KOFA har lengre sakshandsamingstid enn domstolane.

Gjennomgangen av aktivitet og oppnádde resultat ovanfor viser at det har vore høg aktivitet totalt sett i tilsynet i 2015. Stadfesting av vedtaka i retten og få klagesaker viser at det òg har vore høg kvalitet på sakshandsaminga. Høg aktivitet og høg kvalitet på arbeidet har gunstige direkte verknader i dei konkrete marknader som blir påverka.

Det høge aktivitetsnivået gjev eit klart signal til føretaka om at brot på konkurransereglene ikkje vil bli tolerert. Bedrifter vil skjøne at reglane blir handheva effektivt, og det gjev dei god grunn til å opptre slik at det er sunn konkurranse i marknaden. Det å påverke bedrifters åtferd slik at dei ikkje bryt konkurransereglene er ein sær s viktig indirekte verknad av handhevinga.

Ei samla vurdering av oppnádde resultat viser at Konkurransetilsynet har oppnádd hovudmåla i Tildelingsbrevet for 2015.

4 Styring og kontroll i verksemda

4.1 Overordna vurdering av styring og kontroll i verksemda

Konkurransetilsynet nyttar mål- og resultatstyring som eit grunnleggjande styringsprinsipp. Vi viser til del 3 med omsyn til måloppfyljing og vurdering av ressursbruk. Vår vurdering er at samla måloppfyljing er god.

Styringsdialogen mellom overordna departement og Konkurransetilsynet går fram av årleg tildelingsbrev og består av faste møte og følgjande hovuddokument:

- Tildelingsbrev frå departementet
- Verksemda si halvårsrapportering
- Verksemda si årsmelding
- Referata til departementet frå møte med verksemda, under dette 3 etatsstyringsmøte gjennom året.

Konkurransetilsynet er av den oppfatninga at styringsdialogen med Nærings- og fiskeridepartementet er god og konstruktiv. Departementet har i dialog med Konkurransetilsynet utforma resultatkrav for arbeidet til tilsynet og rapportering gjennom budsjettåret som er knytt til dei hovudmål og prioriteringar som kjem fram i tildelingsbrevet ref. årsmeldinga del 3. Konkurransetilsynet vel sjølv verkemiddel for å nå dei måla som departementet set. Konkurransetilsynet utarbeider interne månadsrapportar over status på måloppfyljing og avvik i prioritering av saker, og dessutan månadlege økonomiprognosar til leiinga som del av økonomistyringa. Verksemda vil i 2016 ha auka fokus på planarbeid, mellom anna utarbeiding av ny strategiplan for perioden 2017-2021.

Konkurransetilsynet har dokumentert internkontrollen i eiga retningslinje som blir følgt og oppdatert årleg og ved endringar. Den overordna risikovurderinga og gjennomgangen av status for styring og kontroll er dokumentert i tråd med gjeldande krav i økonomiregelverket. Konkurransetilsynet hadde i det avsluttande revisjonsbrevet ingen vesentlege merknader frå Riksrevisjonen.

4.2 Rapportering på øvrige punkt i Tildelingsbrev 2015


- Konkurransetilsynet har rapportert inn tidstjuvar gjennom Difi si rapporteringsløyising.
- Revidert konkurranselov tredde i kraft 1.1.2014. Endringane innebar blant anna at færre føretakssamanslutningar vart melde inn til Konkurransetilsynet, noko som innebar redusert bruk av ressursar for næringslivet. I 2015 har Konkurransetilsynet ytt bistand til departementet med vurdering av tilpassingar i konkurranselova og forskrifta etter røynslene i første perioden etter revidert konkurranselov.
- Konkurransetilsynet har i 2014 og 2015 hatt fokus på å ha ein konstruktiv dialog med saksparatar i alle fasar av sakshandsaminga for å sikre effektivitet i prosessar. Spesielt for handsaming av føretakssamanslutningar har dialogen i prenotifikasjonsfase og andsynes avhjelpande tiltak sikra effektivt saksarbeid.
- Internettsidene til Konkurransetilsynet vart oppgradert i slutten av 2015 for å vareta interessa til eksterne brukarar av nettsidene.
- Konkurransetilsynet har kontinuerleg fokus på forenkling av interne rutinar, til dømes gjennom ei omorganisering og sentralisering av dei administrative ressursane. Dette har medført ei effektivisering av dei administrative ressursane og har bidratt til betre ressursutnytting. Administrative innsparingar er allokert til å styrke fagavdelingane. I 2015 blei det tilsett fleire nye saksbehandlarar i marknadsavdelingane, medan talet på administrativt tilsette har blitt redusert. Flytting til nye lokale kan vere eit verkemiddel for å få til endring. Med nye fleksible lokale vil vi søkje å oppnå høgare effektivitet, auka profesjonalitet og auka trivsel.

- Samfunnstryggleik og beredskap: sjå vedlegg 3.

4.3 Bemanning

Turnover


I 2015 slutta 8 personar hos tilsynet, av desse var 4 kvinner og 4 menn. Dette gjev ein omsetnad blant dei tilsette på 8 prosent. Av dei som slutta gjekk 2 over i alderspensjon, medan 6 tilsette slutta for overgang til anna verksemd. Turnover for fagstillingar er, som for tidlegare år, høgre enn for administrative stillingar.



Figur 11: Turnover i tilsynet 2007-2015

Gjennomsnittleg tenestetid

Det er vekst i talet på tilsette med lang erfaring frå tilsynet. I 2015 var delen av tilsette i fagstillingar med erfaring frå tilsynet meir enn fem år på 41 prosent. Ser ein attende til 2007, då Konkurransetilsynet var nyetablert i Bergen, var det tilsvarende talet 21 prosent.



Figur 12: Erfaring i tilsynet for tilsette i 2015

Kompetanse

Konkurransetilsynet legg stor vekt på at dei tilsette skal ha gode vilkår for vidareutvikling. Dei fleste medarbeidarane har høgare utdanning på minst masternivå. Sju tilsette har òg doktorgrad. 87 prosent av alle tilsette har høgare utdanning, av desse har 71 prosent høgare utdanning som jurist eller økonom med mastergrad.

Utdanning	Totalt	Kvinner		Menn	
Samfunns- og siviløkonomar	37	15	41 %	22	59 %
Juristar	35	23	66 %	12	34 %
Anna høgare utdanning	16	9	56 %	7	44 %
Utdanning av lågare grad	13	8	62 %	5	38 %
Totalt	101	55	54 %	46	46 %

Tabell 4: Utdanningsnivå for tilsette i tilsynet i 2015

IA og HMS

Konkurransetilsynet er ei IA-verksemd og arbeider systematisk med helse, miljø og tryggleik. Gode resultat innan HMS krev eit sterkt engasjement frå leiarar og systematisk samarbeid med tillitsvalde og vernetenesta. Konkurransetilsynet legg vekt på eit arbeidsmiljø som er helsefremjande og prega av tryggleik, open dialog og respekt. Tilsynet har på bakgrunn av nasjonale mål lagt til grunn følgjande IA-strategi:

"Arbeidsgiver, arbeidstaker, tillitsvalgte og verneombud i Konkurransetilsynet skal arbeide systematisk for et godt og inkluderende arbeidsmiljø. For å bidra til felles mål skal arbeidsgiver tilrettelegge for at ansattes individuelle behov med hensyn til den enkeltes forutsetning, livsfase og livssituasjon ivaretas på best mulig måte".

I 2015 var sjukefråværet på 4,35 prosent, noko høgare enn målsetjinga på 4 prosent. Sjukefråværet har dei føregåande åra vore relativt stabilt og variert mellom 3,0 og 3,5 prosent pr. år.

Rapport om likestilling er lagt ved årsmeldinga i vedlegg 2.

4.4 Nye lokale i 2016

Konkurransetilsynet og KOFA har sidan 2004 vore lokalisert i Bergen i Olav Kyrresgate. I 2011 flytta KOFA til lokale i Rådhusgaten, då det vart for liten plass i Olav Kyrresgate. I 2012 vart det bestemt at Konkurransetilsynet og KOFA skulle finne fram til meir eigna lokale basert på vurderingar knytte til samlokalisering og tilbakemeldingar frå arbeidsmiljøundersøkingar. I 2013 vart det skriva kontrakt med Rom eiendom for leige av eit nybygg i Zander Kaasgate. I april 2014 oppretta Konkurransetilsynet ei prosjektgruppe. Bygget og prosjektgruppa fekk namnet Bergen stasjon.

Flyttinga til Bergen stasjon er eit stort endringsprosjekt for verksemda. Det har vore lagt vekt på å utnytte det rommet for endring ein slik flytteprosess gjev. I 2015 har Konkurransetilsynet og KOFA utforma visjon og ambisjonar for dei nye lokala i Bergen stasjon.

Med nye og fleksible lokale ønskjer vi å oppnå høgare effektivitet, auka profesjonalitet og auka trivsel. I Bergen stasjon skal Konkurransetilsynet og KOFA arbeide i fleksible arbeidsformer tilpassa arbeidsoppgåvene, med utgangspunkt i basekontor og ulike typar samhandlingssoner. Løysingane skal skape effektivitet gjennom å legge til rette for bevisst vekselverknad mellom sjølvstendig arbeid og samhandling i team. Gode løysingar og inndeling i ekstern og intern sone skal vareta konfidensialitets- og tryggleikskrav og gi gjester ei oppleving av Konkurransetilsynet og KOFA som moderne og framtidretta. Visjon og ambisjonar for flyttinga har lagt grunnlaget og vore førande for ulike typar val og avgjerder i heile prosjektperioden. Dette være seg avgjerder knytte til sikkerheit, teknisk infrastruktur, utforming av lokala med visuell profil og rom-meny, innretning og anskaffingar av inventar. I den siste fasen av prosjektet vil visjon og ambisjonar klargjere rammene for korleis ein skal samhandle i nye lokale.

5. Vurdering av framtidsutsikter

Utviklinga i norsk økonomi det siste året inneber store utfordringar. Nedskalering eller avvikling av verksemda i næringer som direkte eller indirekte er oljerelatert er med vedvarande låge oljeprisar blitt ein dagleg realitet. Det er klart at aukande arbeidsløyse og lågare økonomisk vekst vil utfordre finansieringa av den vidare utviklinga av velferdsstaten.

I ein slik situasjon tvingar tiltak for å styrke produktivitet og omstillingsevne i norsk økonomi seg fram. *Konkurranse er eit nøkkelord i denne samanhengen.* Velfungerande konkurranse gjer økonomien meir tilpassingsdyktig til eksterne sjokk av den typen som oljebransjen no har blitt utsett for. Konkurranse skaper det naudsynte grunnlaget for fleire og meir produktive jobbar, meir effektiv bruk av ressursar, gjer at økonomien tilpassar seg betre til eksterne sjokk, og blir betre rusta til å møte internasjonal konkurranse.

Men velfungerande konkurranse kjem ikkje av seg sjølv. Konkurransereglane inneber at nokre former for åtfærd ikkje er tillatne. Selskapa blir tvinga til å konkurrere på andre måtar som er betre for samfunnet og for kundane. Handhevinga vil gi signal om kva som ikkje kan tolererast. Til dømes har det store talet på vedtak dei siste åra mot selskap som samarbeider om anbod gitt eit kraftfullt signal om at dette ikkje vil bli tolerert. Det vil truleg innebere at selskap framover blir meir medvitne om at ein må opptre uavhengig av konkurrerende selskap i anbod, noko som styrker sjansen for at anbod leier til meir konkurranse til gunst for kundane.

I løpet av det neste året blir reglane og handhevinga venteleg styrkt endå meir. Endringane i konkurranselova blir handsama av Stortinget denne våren. Om dei nye reglane blir vedtekne, vil føretakssamanslutningar bli handsama ut frå ein konsumentvelferdsstandard, noko som vil sikre at kundane sine interesser er avgjerande for om ein godtek ei føretakssamanslutning. Reglane for inngrep mot føretakssamanslutningar vil bli harmoniserte med reglane i EU, slik at selskapa møter dei same reglane i Noreg som dei møter når dei må melde til EU-kommisjonen. Konkurransetilsynet blir etter planen også åleine om å vurdere om fusjonar og oppkjøp i mediemarknaden skal godkjennast. Regjeringa har også vedteke å etablere ein ny konkurranseklagenemd. Tiltaket er mellom anna motivert ut frå å auke sjølvstendet til tilsynet, men vil venteleg òg korte ned prosessen fram til endeleg rettsgyldig avgjerd. Konkurransetilsynet vil i tida framover arbeide med å gjennomføre dei organisatoriske og prosessuelle endringar som er nødvendige etter det nye rammeverket. Alle desse regelendringane vil bidra til å styrke Konkurransetilsynet si handheving av konkurransereglane, og såleis styrke dei direkte og indirekte verknadene for kundane av tilsynet sitt arbeid.

I tillegg til effektiv handheving av konkurranselova, vil Konkurransetilsynet også i åra framover vere ein pådrivar for å forbetre konkurransen i ei rekke marknader. I tildelingsbrevet for 2016 er Konkurransetilsynet bedt om å overvake daglegvaresektoren særskilt. Konkurransetilsynet har vore skeptisk til forslaget om ei lov om god handelsskikk i denne sektoren, og meiner det er positivt at regjeringa har vedteke å styrke konkurransen i sektoren på andre måtar enn med innføring av ei slik lov. Tilsynet er i dialog med departementet om kva tiltak som er best eigna til å styrke konkurransen i matvaresektoren framover, og vil arbeide med tiltak retta mot denne sektoren i heile 2016.

Konkurransetilsynet meiner at det òg er viktig å identifisere offentlege reguleringar som avgrensar konkurransen. Reguleringar som representerer urimelege etableringsbarrierar, eller påverkar høva eller insentiva til å konkurrere vil sjølvstend òg avgrense omstillingsevna i økonomien. Av same grunn er det òg viktig å kritisk vurdere unntaka frå konkurranselova – og i den samanhengen vurdere andre, mindre konkurranseskadelege verkemiddel for å oppnå dei sektorpolitiske måla. Konkurransetilsynet fekk i 2015 løyvd midlar til eit forprosjekt som skal leggje det metodiske grunnlaget for ein brei gjennomgang for å identifisere konkurranseavgrensande reguleringar, og ser fram til å følgje opp

dette målretta og i brei skala. Det vil vere i samsvar med dei generelle forslaga som produktivitetskommissjonen har fremma for å auke produktiviteten i offentleg og privat verksemd.

Eit anna utviklingstrekk som pregar den økonomiske utviklinga er den såkalla fjerde industrielle revolusjonen, der *nye digitale plattformer* for å matche tilbydarar og kjøparar er eit sentralt aspekt. I fleire samanhengar er dette kalla delingsøkonomi, og internasjonalt blir denne utviklinga også kalla "disruptive innovation". I drosjemarknaden har Uber blitt eit omgrep som alle kjenner. I hotellmarknaden er Airbnb eit anna. Desse digitale plattformene skaper heilt nye konkurranseflater, og gjev auka fleksibilitet i tilbodet av kapasitet i marknadene. Resultatet av denne teknologiske utviklinga kan bli nye arbeidsplassar, betre ressursutnytting og auka økonomisk vekst – om det blir lagt til rette for den, og det blir rett handtert.

Denne utviklinga utfordrar eksisterande rammevilkår og reguleringar. Også styresmaktene har såleis ei viktig rolle. I Noreg er drosjemarknaden for mykje regulert eller skeivt regulert, og opnar ikkje for nye innovative aktørar. Drosjekundane er taparane. Utfordringa til styresmaktene blir å leggje til rette for denne utviklinga gjennom reguleringar som er tilpassa den digitale røyndomen, samstundes som viktige målsettingar bak reguleringane blir haldne ved lag. Til dømes må ein passasjer kjenne seg trygg - uansett om tenesta er formidla gjennom Uber eller gjennom Oslo Taxi. Tilsynet har kome med innspel til endra regulering, og vil delta aktivt i debatten framover.

Konkurransetilsynet har i fleire år vore oppteke av konkurransesituasjonen i avfallssektoren. Basert på desse røynsleane har Konkurransetilsynet saman med dei andre nordiske konkurransestyresmaktene i det siste året arbeidd med ein rapport der det blir peikt på fleire konkrete tiltak for å leggje til rette for konkurranse og innovasjon i alle ledd i den sirkulære verdikjeda, noko som ikkje minst kan bidra til nye arbeidsplassar. Rapporten er publisert tidleg i 2016. Anbefalingane vil vere eit viktig bidrag til å realisere målsettingane i miljø- og avfallspolitikken. Konkurransetilsynet vil i tida framover følgje opp anbefalingane i rapportane, blant anna gjennom artiklar og foredrag i ulike forum.

Konkurransetilsynet vil sommaren 2016 flytte til nye lokale. Konkurransetilsynet har over fleire år arbeidd med å auke effektiviteten i sakshandsaminga. I tillegg til å innfri dei tilsette sitt klare ønske om cellekontor, vil dei nye lokala mellom anna gi rom for nye og meir effektive samarbeidsflater i prosjekt og team. Samstundes som flyttinga representerer utfordringar på mange plan, praktiske så vel som økonomiske, representerer den såleis eit strategisk handlingsom som Konkurransetilsynet vil nytte til å leggje til rette for endå meir effektiv handheving i åra framover.

6. Årsrekneskap

Sekretariatet for KOFA er administrativt underlagt Konkurransetilsynet. Årsrekneskapen gjeld Konkurransetilsynet og KOFA. Årsrekneskap for Det alminnelige prisreguleringsfondet følger som vedlegg 3. Rekneskapstabellar er på bokmål, sidan dei blir levert slik av DFØ.

6.1 Kommenterar frå leiinga - årsrekneskapen 2015

Stadfesting

Årsrekneskapen er utarbeidd etter føresegner om økonomistyring i staten, rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og krav frå NFD i retningslinje for økonomistyring. Rekneskapen gjev eit dekkande bilete av Konkurransetilsynets disponible løyvingar, rekneskapsførte utgifter, inntekter, eigedelar og gjeld.

Vurderingar av vesentlege forhold

I 2015 har Konkurransetilsynet hatt tildelingar tilsvarande kr 94,144 mill kr. I tildelinga er det inkludert overført beløp frå 2014 på 1,831 mill. kr. Det er nettoført lønsrefusjonar på 3,962 mill. kr. I tillegg har Konkurransetilsynet i brev av 28.08.2015 fått ei belastningsfullmakt på NFDs kap. 0900 post 21 Spesielle driftsutgifter på inntil 0,5 mill. kr i 2015. Dette gjaldt fullmakt til å setje i gang forprosjekt om konkurranseavgrensande reguleringar. Fullmakta blei ikkje nytta i 2015, men er overført 2016. Konkurransetilsynet vil søke om overføring av ubrukt løyving på post 01 i 2015 på 0,805 mill. kr til 2016.

Det er i 2015 innbetalt kr 157 mill. kr. i lovbrotsgebyr som følgje av brot på konkurranselova. Av dette beløpet utgjer gebyr til NCC Roads AS og NCC AB for ulovleg anbodssamarbeid 150 mill. kr.

Kostnader til drift og investeringar for Konkurransetilsynet for 2015 var kr 93 338 904. Av desse var løn og sosiale kostnader kr 75 465 596. Netto kostnader utan refusjonar var kr 71 863 894. Som nemnt i kap. 2, nøkkeltal til verksemda, er del løn i Konkurransetilsynet høg i forhold til driftsbudsjettet.

Etter intern omstillingsprosess i administrative ressursar i 2014 har Konkurransetilsynet i 2015 hatt fokus på å styrke fagbemanninga i marknadsavdelingane for å følgje opp krava i tildelingsbrevet. Det blir vist til kap. 4 Styring og kontroll i verksemda, pkt 4.4 vedkomande omtale av flytting av Konkurransetilsynet og KOFA til nytt bygg i juni 2016. Det har vore eit omfattande prosjektarbeid i 2015 som har lagt beslag på anslagsvis 1,3 årsverk i administrative stillingar.

KOFA har på post 23 Klageorgan for offentlige anskaffelser hatt ei samla tildeling på kr 10 340 000 i 2015. KOFA har i 2015 ei meirutgift på kr 394 000.

KOFA har i 2015 inntektsført 1 008 000 kr knytt til klagegebyr som følgje av brot på lov om offentlege anskaffingar. Rapporterte kostnader til drift og investeringar for KOFA summerte seg til kr 10 741 874 i 2015 der utbetalingar til løn og sosiale kostnader utgjer kr 9 113 328 i 2015. Netto kostnader utan refusjonar kr 8 753 160.

Mellomvære med statskassen utgjorde pr 31.12.2015 kr - 2 735 652. Oppstillinga av artskontorapporteringa viser kva for eigedelar og gjeld mellomværet består av. Opplysningar om avrekning med statskassen kan lesast i note 7.

Tilleggsopplysningar

Riksrevisjonen er ekstern revisor og stadfestar årsrekneskapen for Konkurransetilsynet og KOFA. Årsrekneskapen er ikkje ferdig revidert per dags dato, men revisjonsrapporten vil vere klar i 2.kvartal 2016. Revisjonsrapporten er ikkje offentleg fram til Stortinget har tatt imot Dokument 1 fra Riksrevisjonen, men vil bli lagt ut på Konkurransetilsynets nettside så snart dokumentet er offentleg.

Konkurransetilsynet forvaltar Det alminnelige prisreguleringsfondet, eit tilskotsfond som kan nyttast til forskning om konkurranseforhold og pris- og konkurransepolitiske verkemidlar. I forvaltninga er vi styrt av retningslinjer for tildeling av midlar frå Det alminnelige prisreguleringsfond av 27.05.2014 frå NFD og forskrift om Det alminnelige prisreguleringsfond. Eg viser til vedlegg 4 gjeldande omtale og årsrekneskap for dette.

Det blir vist til punkt 4.2 om andre krav i tildelingsbrevet. Overordna departement har i 2015 retta krav om at Konkurransetilsynet skal ha eit bevisst forhold til korleis samfunnstryggleik og beredskapstenkinga skal integrerast i organisasjonen gjennom opplæring og kommunikasjon. Konkurransetilsynet har hatt fokus på dette i 2015 og vil i 2016 fornye ein heilskapleg tryggleiks- og beredskapsplan. Tilsynet planlegg òg å gjennomføre ei beredskapsøving for leiargruppa.

Konkurransetilsynet har i 2015 arbeidd med å kartleggje og ta bort tidstjuvar i eiga verksemd for brukarane våre, og rapportert dette i årsmeldinga.

Bergen, 26. februar 2016



Lars Sørsgard
konkurransedirektør

6.2 Prinsippnote årsrekneskapen

Årsrekneskapen for statlege verksemdar er utarbeidd og lagt fram etter nærare retningslinjer fastsett i føresegnar om økonomistyring i staten ("føresegnene"). Årsrekneskapen er i samsvar med krav i føresegnene punkt 3.4.1, nærare føresegnar i Finansdepartementets rundskriv R-115 av november 2015 og eventuelle tilleggskrav fastsett av overordna departement.

Oppstillinga av løyingsrapporteringa og artskontorrapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i føresegnene punkt 3.4.2 – dei grunnleggjande prinsippa for årsrekneskapen:

- a) Rekneskapen følgjer kalenderåret
- b) Rekneskapen inneheld alle rapporterte kostnader og inntekter for rekneskapsåret
- c) Kostnader og inntekter er førde i rekneskapen med brutto beløp
- d) Rekneskapen er utarbeidd etter kontantprinsippet

Oppstillingane av løyings- og artskontorrapporteringa er utarbeidd etter dei same prinsippa, men gruppert etter ulike kontoplanar. Prinsippa samsvarer med krav i føresegnene punkt 3.5 til korleis verksemdene skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja "Netto rapportert til løyingsrekneskapen" er lik i begge oppstillingane.

Verksemnda er knytt til statens konsernkontoordning i Norges Bank i samsvar med krav i føresegnene pkt. 3.7.1. Bruttobudsjetterte verksemder blir ikkje tilført likviditet gjennom året, men har ein trekkrett på sin konsernkonto. Ved årets slutt blir saldoen på den einskilde oppgjerskonto nullstilt ved overgang til nytt år.

Løyvingsrapporteringa

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa omfattar ein øvre del med løyvingsrapporteringa og ein nedre del som viser behaldningar verksemnda står ført opp med i kapitalrekneskapen. Løyvingsrapporteringa viser rekneskapstal som Konkurransetilsynet og KOFA har rapportert til statsrekneskapen. Dei blir stilt opp etter dei kapittel og postar i løyvingsrekneskapen verksemnda har fullmakt til å disponere. Kolonnen samla tildeling viser kva verksemnda har fått stilt til rådvelde i tildelingsbrev for kvar statskonto (kapittel/post). Oppstillinga viser òg alle finansielle eidedelar og forpliktingar verksemnda står ført opp med i statens kapitalrekneskap.

Innkomne fullmakter til å belaste ei anna verksemd sitt kapittel/post (belastningsfullmakter) blir ikkje vist i kolonna for samla tildeling, men er omtala i note B til løyvingsoppstillinga. Utgiftene knytte til innkomne belastningsfullmakter er bokførde og rapporterte til statsrekneskapen, og kjem fram i kolonnen for rekneskap.

Avgitte belastningsfullmakter er inkludert i kolonnen for samla tildeling, men blir ikkje bokførde og rapporterte til statsrekneskapen frå verksemnda sjølv. Slike belastningsfullmakter blir bokførde og rapporterte av verksemnda som har fått belastningsfullmakta og blir difor ikkje vist i kolonnen for rekneskap. Dei avgitte fullmaktene kjem fram i note B til løyvingsoppstillinga.

Artskontorapporteringa

Oppstillinga av artskontorapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder og ein nedre del som viser eidedelar og gjeld som går inn i mellomværet med statskassen. Artskontorapporteringa viser rekneskapstal verksemnda har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder. Verksemnda har ein trekkrett på konsernkonto i Norges Bank. Tildelingane er ikkje inntektsførde og derfor ikkje vist som inntekt i oppstillinga.

Oppstilling av bevilgningsrapportering, 31.12.2015

Utgiftskapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst	Note	Samlet tildeling*	Regnskap 2015	Merutgift (-) og mindreutgift
0911	Driftsutgifter	01	Driftsutgifter	A,B	94 144 000	93 338 904	805 096
0911	Klagenemda for offentlige anskaffelser	23	Diverse	A,B	10 340 000	10 741 874	-401 874
1633	Nettoordning for mva i staten	01	Driftsutgifter			2 212 900	
<i>Sum utgiftsført</i>					104 484 000	106 293 678	

Inntektskapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst	Samlet tildeling	Regnskap 2015	Merinntekt og mindreinntekt (-)	
3911	Klagegebyr	01	Driftsinntekter	1 000 000	1 008 000	8 000	
3911	Lovbrottsgebyr	02	Ymse	6 890 000	157 010 000	150 120 000	
3911	Refusjoner og andre inntekter, Konkurrans	03	Ymse	200 000	227 200	27 200	
3911	Refusjoner og andre inntekter ,KOFA	04	Ymse	350 000	350 000	0	
5309	Tilfeldige inntekter - ymse	29	Ymse		144 848		
5700	Arbeidsgiveravgift	72	Arbeidsgiveravgift		9 784 966		
<i>Sum inntektsført</i>					8 440 000	168 525 014	

<i>Netto rapportert til bevilgningsregnskapet</i>						-62 231 336	
Kapitalkontoer							
60046801	Norges Bank KK /innbetalinger					162 840 222	
60046802	Norges Bank KK/utbetalinger					-100 779 278	
715810	Endring i mellomværende med statskassen					170 392	
<i>Sum rapportert</i>						0	

Beholdninger rapportert til kapitalregnskapet (31.12)

Konto	Tekst	2015	2014	Endring
6260	Aksjer	0	0	0
715810	Mellomværende med statskassen	-2 735 652	-2 906 044	170 392

Note A Forklaring av samlet tildeling utgifter

Kapittel og post	Overført fra i fjor	Årets tildelinger	Samlet tildeling
91 101	1 831	92 313	94 144
91 123		10 340	10 340

Konkurransetilsynet har i 2015 disponert samla tildelingar på 94,144 mill. kr.
KOFA har i 2015 disponert samla tildelingar på 10,340 mill. kr.

Note B Forklaring til brukte fullmakter og beregning av mulig overførbart beløp til

Kapittel og post	Stikkord	Merutgift(-)/ mindre utgift	Utgiftsført av andre i hht avgitte belastningsfullmakter (-)	Merutgift(-)/ mindreutgift etter avgitte belastnings-fullmakter	Merinntekter / mindreinntekter(-) iht merinntekts fullmakt (justert for eventuell mva.)	Omdisponering fra post 01 til 45 eller til post 01/21 fra neste års bevilgning	Innsparinger(-)	Sum grunnlag for overføring	Maks. overførbart beløp *	Mulig overførbart beløp beregnet av virksomheten
91 101		805 096		805 096				805 096	4 707 200	805 096
91 123		-401 874		-401 874				-401 874	517 000	-401 874
391 101	"kan nyttes under post 23"	-8 000		-8 000				8 000		8 000

Forklaring til bruk av budsjettfullmakter

Mottatte belastningsfullmakter

Nærings- og fiskeridepartementet ga Konkurransetilsynet i brev av 28.8.2015 en belastningsfullmakt på inntil 500 000 kroner for 2015 til dekning av kostnader forbundet med forprosjektet. Kostnadene skal belastes direkte på kap. 0900 Nærings- og fiskeridepartementet, post 21 "Spesielle driftsutgifter".

Fullmakten ble ikke benyttet i 2015. Fullmakten er videreført i 2016.

Avgitte belastningsfullmakter (utgiftsført av andre)

Konkurransetilsynet har i brev av 10. juli 2015 avgitt fullmakt til Statens Innkrev ingssentral (SI) om å fakturere og kreve inn inntekter for Konkurransetilsynet og KOFA i 2015. SI har fakturert og betalt inn pengene til Konkurransetilsynet.

Fullmakt til å bruke standard refusjoner av lønnsutgifter til å overskride utgifter

Refusjoner av lønn er nettoført i driftsutgiftene.

Fullmakt til å overskride driftsbevilgninger mot tilsvarende merinntekter

Konkurransetilsynet er i tildelingsbrev gitt fullmakt til å overskride bevilgningen under kap. 911 post 23 mot tilsvarende merinntekter under kapittel 3911. I 2015 var det kr 8000 i merinntekter på kapittel 3911 post 01.

Overført negativt beløp til 2016 er redusert med 8 000 kr.

Mulig overførbart beløp

Kapittel 0911 post 01 805 096 kr

Kapittel 0911 post 23 -393 874 kr

Oppstilling av artskontorrapporteringen, 31.12.2015

	Note	2015	2014
Driftsinntekter rapportert til bevilgningsregnskapet			
Innbetalinger fra gebyrer	1	1 018 000	999 000
Innbetalinger fra tilskudd og overføringer	1	0	0
Salgs- og leieinntekter	1	0	0
Andre inntekter	1	620 200	28 500
<i>Sum inntekter fra drift</i>		1 638 200	1 027 500
Driftsutgifter rapportert til bevilgningsregnskapet			
Utbetalinger til lønn	2	80 617 054	79 202 495
Andre utbetalinger til drift	3	22 681 301	21 831 616
<i>Sum utbetalinger til drift</i>		103 298 355	101 034 111
Netto rapporterte driftsutgifter		101 660 155	100 006 611
Investerings- og finansinntekter rapportert til bevilgningsregnskapet			
Innbetaling av finansinntekter	4	0	0
<i>Sum investerings- og finansinntekter</i>		0	0
Investerings- og finansutgifter rapportert til bevilgningsregnskapet			
Utbetaling til investeringer	5	824 072	816 350
Utbetaling til kjøp av aksjer	5,8B	0	0
Utbetaling av finansutgifter	4	1 351	212
<i>Sum investerings- og finansutgifter</i>		825 423	816 561
Netto rapporterte investerings- og finansutgifter		825 423	816 561
Innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten			
Innbetaling av skatter, avgifter, gebyrer m.m,	6	157 000 000	47 626 309
<i>Sum innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten</i>		157 000 000	47 626 309
Tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten			
Utbetalinger av tilskudd og stønader	7	0	0
<i>Sum tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten</i>		0	0
Inntekter og utgifter rapportert på felleskapitler *			
Gruppelivsforsikring konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt)		144 848	138 480
Arbeids giveravgift konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt)		9 784 966	9 590 011
Nettoføringsordning for merverdiavgift konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)		-2 212 900	0
<i>Sum rapporterte utgifter på felleskapitler</i>		7 716 913	9 728 491
Netto rapportert til bevilgningsregnskapet		-62 231 336	43 468 372
Oversikt over mellomværende med statskassen **			
Eiendeler og gjeld		2015	2014
Fordringer		278 047	471 738
Kasse		0	0
Bankkontoer med statlige midler utenfor Norges Bank		0	0
Skyldig skattetrekk		-2 935 239	-3 329 723
Skyldige offentlige avgifter		-78 461	-41 804
Annen gjeld		0	-6 255
Sum mellomværende med statskassen	8	-2 735 652	-2 906 044

Note 1 Innbetalinger fra drift

	31.12.2015	31.12.2014
<i>Innbetalinger fra gebyrer</i>		
Saksbehandlingsgebyr KOFA	1 018 000	999 000
Gebyrer / avgift omsetning produksjon sprengstoff første omsetningsledd	0	0
Sum innbetalinger fra gebyrer	1 018 000	999 000
<i>Innbetalinger fra tilskudd og overføringer</i>		
Sum innbetalinger fra tilskudd og overføringer	0	0
<i>Salgs- og leieinnbetalinger</i>		
Sum salgs- og leieinnbetalinger	0	0
<i>Andre innbetalinger*</i>		
Salg av utrangert materiell, avgiftsfritt	620 200	28 500
Sum andre innbetalinger	620 200	28 500
Sum innbetalinger fra drift	1 638 200	1 027 500

*Det er i 2015 ført 577 200 kr knytt til inntekter fra konferansar på konto for salsinntekter. Inntekter fra avhending av utstyr utgjør 43 000 kr.

Note 2 Utbetalinger til lønn

	31.12.2015	31.12.2014
Lønn	71 228 932	68 436 959
Arbeidsgiveravgift	9 784 966	9 590 011
Pensjonsutgifter*	0	0
Sykepenges og andre refusjoner(-)	-3 961 920	-3 553 893
Andre ytelser	3 565 076	4 729 417
Sum utbetalinger til lønn	80 617 054	79 202 495
<i>* Denne linjen benyttes av virksomheter som innbetaler pensjonspremie til SPK.</i>		
Antall årsverk:	100	101

Ved beregning av arbeidsgivaravgift må postane *Lønn*, *Sykepenges og andre refusjoner* og *Andre ytelser* summerast. At ikkje arbeidsgivaravgifta er eksakt 14,1% for begge år skuldast at det er nokre postar som ikkje genererer arbeidsgivaravgift. I 2015 er desse postane større enn i 2014.

Note 3 Andre utbetalinger til drift

	31.12.2015	31.12.2014
Husleie	8 443 915	8 295 288
Vedlikehold egne bygg og anlegg	0	0
Vedlikehold og ombygging av leide lokaler	52 492	207 714
Andre utgifter til drift av eiendom og lokaler	1 863 631	2 235 252
Reparasjon og vedlikehold av maskiner, utstyr mv.	135 178	196 349
Mindre utstysanskaffelser	150 471	141 905
Leie av maskiner, inventar og lignende	2 672 068	3 068 433
Kjøp av fremmede tjenester	2 904 944	1 404 867
Reiser og diett	2 715 778	2 645 888
Øvrige driftsutgifter*	3 742 822	3 635 919
Sum andre utbetalinger til drift	22 681 301	21 831 616

Sum øvrige driftsutgifter er utgifter til telefonitjenester, kurs og kompetanse, porto, bevertning, aviser og tidsskrifter, trykking, annonser, kontingenter, reklamekostnad og annen kontorkostnad.

Note 4 Finansinntekter og finansutgifter

	31.12.2015	31.12.2014
<i>Innbetaling av finansinntekter</i>		
Renteinntekter	0	0
Valutagevinst	0	0
Annen finansinntekt	0	0
Sum innbetaling av finansinntekter	0	0

	31.12.2015	31.12.2014
<i>Utbetaling av finansutgifter</i>		
Renteutgifter	1 351	212
Valutatap	0	0
Annen finansutgift	0	0
Sum utbetaling av finansutgifter	1 351	212

Note 5 Utbetaling til investeringer og kjøp av aksjer

	31.12.2015	31.12.2014
<i>Utbetaling til investeringer</i>		
Immaterielle eiendeler og lignende	239 576	427 120
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	0	0
Beredskapsanskaffelser	0	0
Infrastruktureiendeler	0	0
Maskiner og transportmidler	0	0
Driftsløsøre, inventar, verktøy og lignende	584 496	389 230
Sum utbetalt til investeringer	824 072	816 350

<i>Utbetaling til kjøp av aksjer</i>		
Kapitalinnskudd	0	0
Obligasjoner	0	0
Investeringer i aksjer og andeler	0	0
Sum utbetalt til kjøp av aksjer	0	0

Note 6 Innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten

	31.12.2015	31.12.2014
Gebyrer som ikke inngår som drifts inntekt	157 000 000	47 626 309
Sum innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten	157 000 000	47 626 309

Konkurransetilsynet har krevd inn penger fra overtredelsesgebyr på 157 mill. kr i 2015.

Gebyr ilagt NCC Roads og NCC AB for ulovlig samarbeid utgjør 150 mill. kr.

Note 7 Tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten

	31.12.2015	31.12.2014
Sum tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten	0	0

Note 8 Sammenheng mellom avregning med statskassen og mellomværende med statskassen

Del A Forskjellen mellom avregning med statskassen og mellomværende med statskassen

	31.12.2015	31.12.2015	
	Spesifisering av <u>bokført</u> avregning med statskassen	Spesifisering av <u>rapportert</u> mellomværende med statskassen	Forskjell
Finansielle anleggsmidler			
Investeringer i aksjer og andeler*	0	0	0
Obligasjoner	0		
<i>Sum</i>	0	0	0
Omløpsmidler			
Kundefordringer	37 800 000	0	37 800 000
Andre fordringer	3 178 047	278 047	2 900 000
Bankinnskudd, kontanter og lignende	0	0	0
<i>Sum</i>	40 978 047	278 047	40 700 000
Langsiktig gjeld			
Annen langsiktig gjeld	0	0	0
<i>Sum</i>	0	0	0
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	-2 846 556	0	-2 846 556
Skyldig skattetrekk	-2 935 239	-2 935 239	0
Skyldige offentlige avgifter	-78 461	-78 461	0
Annen kortsiktig gjeld	0	0	0
<i>Sum</i>	-5 860 255	-3 013 700	-2 846 556
Sum	35 117 792	-2 735 652	37 853 444

Vedlegg 1 – Saksstatistikk

Innkømne saker	2012	2013	2014	2015
Meldingar om fusjonar og oppkjøp (§16)	411	391	89	96
Klager, tips og andre saker vedkomande konkurranseskadeleg åtfærd og lovbrot* (§§10/11)	75	45	27	41
Innkømne høyringssaker	180	193	124	130
Internasjonale saker	95	82	79	56
Administrative og andre saker	204	177	153	154
Totalt	971	900	481	477


*Ikkje alle tips og andre førespurnader om mogleg lovbrot blir registrert som sak.

Avslutta saker	2012	2013	2014	2015
Inngrep mot fusjonar og oppkjøp (§ 16)	4	2	3	5
Inngrep mot konkurranseskadeleg åtfærd (§§ 10/11)	0	1	0	2
Påpeiking av skadelege offentlege reguleringar (§ 9e)	1	0	0	0
Høyringsuttalar med merknader av betydning	12	16	13	10
Lovbrotsgjeld for brot på gjennomføringsforbod	4	3	5	2

Utmålte lovbrotsgjeld i TNOK	2012	2013	2014	2015
Konkurranseskadeleg åtfærd*	0	360000	0	18850
Brot på gjennomføringsforbod	1250	800	26300	950

*Ikkje justert for lemping eller manglande betalingsevne

Etterforsking	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Bevissikring § 25 - saker/stader	2/7	4/19	4/9	2/5	2/4	6/17	1/9
Forklaringsopptak § 24 - saker/stader	2/9	6/32	9/48	5/10	4/20	5/34	5/45
Innkømne lempingssøknader	3	6	3	6	2	3	3



Vedlegg 2 – Likestilling og mangfald

Likestilling

Plikta til å gjere greie for likestilling følgjer av Likestillingslova § 24 og rettleiar for "Korleis fremje likestilling og hindre diskriminering". Arbeid med likestilling er viktig for Konkurransetilsynet. Ei balansert fordeling av kvinner og menn blant tilsette gjer at begge kjønn sitt perspektiv og kompetanse kjem til sin rett på alle nivå og ledd i tilsynet sitt arbeid. Konkurransetilsynet er opptatt av at alle tilsette får høve til å utvikle sine individuelle og organisatoriske ferdigheiter.

Tabellen er basert på talmateriell pr. 1. oktober 2015 henta frå SAP i eiga verksemd og er inkludert tilsette frå KOFA.

		Kjønnsbalanse			Løn
		m%	k%	totalt (N)	kvinnerns lønsdel (kr/%) i forhold til menn si løn (m = 100%)
Totalt i tilsynet	2015	46	54	114	89
	2014	43	57	115	89
Toppleiarnivå (Direktør/Avd.dir.)	2015	58	42	12	91
	2014	58	42	12	102
Mellomleiarnivå (Seniorrådgivarar)	2015	20	80	5	93
	2014	50	50	2	93
Seniorrådgivarar	2015	55	45	50	94
	2014	52	48	50	96
Rådgivarar	2015	28	72	36	96
	2014	32	68	38	96
Førstekonsulentar	2015	44	56	9	96
	2014	9	91	11	97
Konsulentar	2015	100	0	1	0
	2014	100	0	1	0
Lærlingar	2015	100	0	1	0
	2014	100	0	1	0

Fordeling på stillingskategori, løn og kjønn

	Deltid stilling		Mellombels stilling		Foreldreperm.		Legemeldt fråvær	
	m%	k%	m%	k%	m%	k%	m%	k%
2015	0	5	2	0	25	75	1,79	4,23
2014	0	5	2	5	8	92	1,35	2,61

Fordeling permisjon og fråvær

a) Likestilling på bakgrunn av kjønn

I 2015 utgjer kvinner 54 prosent av alle tilsette. 42 prosent av leiinga er kvinner. Lønsdelen for kvinner i Konkurransetilsynet er på 89 prosent. Det er fleire kvinner i administrative stillingar i lågare stillingskategoriar, det gjer at løn for kvinner er lågare. Innanfor dei ulike stillingsgruppene er delen

av kvinners løn tilnærma lik menn si løn eller noko lågare. For leiinga utgjer kvinners løn 91 prosent av menns løn.

For kategorien seniorrådgivar/rådgivar utgjer kvinners løn om lag 95 prosent av menns løn.

Tilsynet er nøgd med å ha oppnådd eit nokolunde likt lønsnivå for kvinner og menn i denne stillingskategorien.

b) Likestilling på bakgrunn av etnisitet og nedsett funksjonsevne

Ved intern og ekstern rekruttering legg Konkurransetilsynet vekt på mangfald på arbeidsplassen og oppfordrar kvalifiserte kandidatar til å søke – uavhengig av alder, seksuell orientering, kjønn og kjønnsidentitet, funksjonshemming, nasjonal eller etnisk bakgrunn. Særleg ved rekruttering til leiarstillingar blir likestillingsperspektivet vektlagt. Verksemda har fleire tilsette med innvandrarbakgrunn og har som mål å auke talet ved rekruttering. Det er likevel få innvandrarakar som søker stilling i Konkurransetilsynet, sjølv om det går fram av utlysinga at innvandrarakar blir oppfordra til å søkje. Det er inga endring i talet på tilsette med innvandrarbakgrunn i 2015. Det blei i løpet av 2015 tatt inn ein person med nedsett funksjonsevne på praksisplass. I tillegg har tilsynet ein IKT-lærling. Læretida strekkjer seg over to år og fleire av lærlingane har hatt innvandrarbakgrunn.

Vurdere og iverksette tiltak for å fremme likestilling og hindre diskriminering

Det vil kunne vere variasjonar i talet på kvinner i forhold til talet på menn og skilnader i kvinners løn i forhold til menns løn. Det er imidlertid ei tett oppfølging av dette:

a) Tiltak for auka tal kvinner i leiande stillingar.

Det er ei målsetting at toppleiinga skal bestå av minimum 30 prosent kvinner. Denne målsettinga har vore oppfylt sidan 2011. I 2015 var den på 42 prosent.

b) Likeløn mellom menn og kvinner på alle stillingsnivå

Tilsynet har som mål å oppnå likeløn mellom menn og kvinner på alle stillingsnivå. Det er relativt små skilnader i løn mellom menn og kvinner med lik erfaring og kompetanse i tilsynet. Det er derfor ikkje planlagt eller sett i verk spesielle tiltak på dette området.

c) Sjukefråvær

Konkurransetilsynet fokuserer på helsetiltak til det beste for kvar enkelt arbeidstakar og til det beste for verksemda. Sjukefråværet blir følgt opp av leiarar med personalansvar og i AMU-møte som blir haldne jamt gjennom året.

d) Språk

Arbeidstakarar som ikkje har norsk som morsmål får tilbod om å delta på norskundervisning dekt av arbeidsgivar.

Vedlegg 3 – Samfunnstryggleik, beredskap og intern tryggleik

Verksemda til konkurransetilsynet er av ein slik karakter at det aller vesentlegaste av verdiane til verksemda finst i form av sensitiv informasjon som følgje av dialogen tilsynet har med partar i samband med handheving av konkurranselova. Ein viktig del av verksemda gjeld etterforskning av eventuelle brot på forbodsavgjerder i konkurranselova, og informasjon om denne delen av arbeidet til tilsynet er underlagt særlege krav til vern og tryggleik. Arbeidet er forankra i dagleg drift og strategiarbeid på områda.

Ved utforming av nytt bygg er beredskap og intern tryggleik høgt prioritert. Det er utarbeidd ei eiga vurdering av risiko- og sårbarheit som blir følgt opp gjennom heile prosessen. Verksemda har òg risiko- og sårbarheitsvurderingar på andre område og planlegg å gjera ei ny heilskapleg risikovurdering i 2016.

Dei tilsette sjølve blir òg sett på som viktige verdiar som skal vernast, og tilsynet har ein personalpolitikk som varetar den enkelte tilsette. Tilsynet har blant anna ei eiga retningslinje for sjukdom og/eller skade ved tenestereiser.

Tilsynet har ein kommunikasjonsstrategi som er førebudd på krevande kommunikasjonsutfordringar, både i dagleg mediehandtering og i krise. Det vart utarbeidd ei plattform for krisekommunikasjon og gjennomført øving i krisekommunikasjon i 2014.

Uavhengig av kva for tekniske tryggleikstiltak som skal setjast i verk vil alltid åtferda til einskildpersonar vere ein risikofaktor. I tilsynet har vi difor fokus på tilsette sine haldningar til tryggleik. Forståing og aksept for behovet for tryggleik er i fokus både i dei etiske retningslinjene til tilsynet og i gjeldande retningslinjer for informasjonstryggleik. Å setje etikk på dagsorden har vore del av verksemdplanen 2014-2015. Det er blant anna gjennomført eit eige seminar om etikk i desember 2014.

I 2016 skal tilsynet revidere vår tryggleiks- og beredskapsplan i samsvar med krava frå nasjonale tryggleiksstyresmakter. Tilsynet planlegg òg å gjennomføre ei tryggleiksøving for leiargruppa.

Vedlegg 4 - Det alminnelige prisreguleringsfondet: Årsrekneskap

1 Leiarkommentar

Det alminnelege prisreguleringsfondet blei oppretta i 1941 med sikte på å få til disposisjon prisutjamningsmidlar som ikkje var knytte til bestemte bransjar, men som kunne nyttast til prisnedskrivning eller for å hindre prisauke i tilfelle der det ikkje var praktisk å gjennomføre spesielle utjamningsordningar. Fondet var heimla i den dåverande prislova §25 og vedtektene er gitt ved kgl. Res. av 22. desember 1950. I 1991 blei §25 i prislova endra ved at det bl.a. blei gitt høve til å nytte midlar av fondet til andre føremål enn prisreguleringstiltak. Konkurransetilsynet har sidan 1999 vore sekretariat og rekneskapsfører for fondet. Inngående saldo for fondet i 2015 var ca. 26,4 mill. kr. Utgåande saldo var på ca. 22,8 mill. kr.

Det alminnelige prisreguleringsfondet er eit tilskotsfond. Midlane i fondet og avkastninga av desse midlane går til å finansiere ulike tiltak og aktivitetar innan eit bestemt område. Fondet er regulert av retningslinje for det alminnelige prisreguleringsfondet av 27. mai 2014, Økonomiregelverkets føresetnader kap. 3 og 6 og forskrift nr. 4316 av 24. januar 1992 om det alminnelige prisreguleringsfond. I retningslinja for fondet er føremålet til fondet definert som følger:

"Fondsmidlene kan nyttas til forskning om konkurranseforhold og pris- og konkurransepolitiske virkemidler".

Konkurransetilsynet lyste den 2. oktober 2014 ut forskingsmidlar på inntil 6 mill. kr årleg til utvalde prosjekt og utgreiingar om konkurranse. Konkurransetilsynet fekk 21 søknader om forskingsmidlar frå ei rekke anerkjente forskingsmiljø i 2015, og våren 2015 blei det tildelt ca fem millionar kroner i forskingsmidlar til ni prosjekt innanfor konkurranserett- og økonomi. I ny utlysing 18. desember 2015 for åra 2016 og 2017 blei det tildelt midlar til fem prosjekt tilsvarande ca tre millionar kroner.

Det er stadfesta at årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med reglement for økonomistyring i staten (reglementet) og føresetnader om økonomistyring i staten kapittel 3 og krav frå NFD i retningslinje for fondet. Eg meiner rekneskapen gjev eit dekkande bilete av dei disponible løyvingar, rekneskapsførte utgifter, inntekter, eignedelar og gjeld som fondet har.

Riksrevisjonen er ekstern revisor og stadfestar årsrekneskapen for det alminnelige prisreguleringsfondet. Årsrekneskapen er ikkje ferdig revidert per dags dato, men revisjonsrapporten som er samanfallande med rapport for Konkurransetilsynet og KOFA er venta å liggje føre i løpet av 2.kvartal 2016. Rapporten er ikkje offentleg fram til Stortinget har fått Dokument 1 fra Riksrevisjonen, men vil bli publisert på Konkurransetilsynet si nettside så snart dokumentet er offentleg.

Bergen, den 26. februar 2016



Lars Sørgaard
konkurransedirektør

2 Oppstilling av løyvingrapportering med notar

Prinsippnote for løyvingrapporteringa:

Årsrekneskap for Det alminnelige prisreguleringsfondet er utarbeidd og framlagt etter nærare retningslinjer fastsett i føresegn om økonomistyring i staten ("føresegnene"). Årsrekneskapen er i samsvar med krav i føresegnene punkt 3.4.6 og Finansdepartementets rundskriv R-115 av november 2015, punkt 8.

Det alminnelige prisreguleringsfondet er eit fond oppretta ved avsetjing av avgifter som følgje av prisregulering. Fondet er gruppert til å vere eit B2.3 fond, under dette eit fond med midlar som ikkje kan medrekneast som aktiva i kapitalrekneskapen, men som statlege myndigheiter har rett til å disponere. Det alminnelige prisreguleringsfondet er ei formuesmasse (kapital) som rekneskapsmessig er skilt frå staten sine øvrige midlar, og der bruken er bunden til eit nærare fastsett føremål som varer utover eit budsjettår. Fond har ei forenkla rapportering til statsrekneskapen. Betalingsformidling skal skje gjennom statens konsernkontoordning og likvidane skal oppbevarast på oppgjerskonto i Norges Bank. Behaldningar på oppgjerskonti blir overførde til nytt år.

Løyvingrapporteringa

Øvre del av oppstillinga viser kva som er rapportert i likvidrapporten til statsrekneskapen. Likvidrapporten viser saldo til fondet og likvidrørsler på fondets oppgjerskonto i Norges Bank. Alle finansielle egedelar og forpliktingar som fondet er ført opp med i statens kapitalrekneskap, er vist i nedre del av oppstillinga.

Note A blir ikkje utarbeidd då det ikkje blir tilført "friske" midlar til fondet anna enn renter.

Det er utarbeidd ein eigen prinsippnote til fondsrekneskapen.

Oppstilling av løyvingrapportering

Behaldningar rapportert i likvidrapport	Note	Regnskap 2015
Inngåande saldo på oppgjerskonto i Norges Bank	A	26 400 490
Endringar i perioden		-3 557 795
Sum utgåande saldo oppgjerskonto i Norges Bank		22 842 695

Behaldningar rapportert til kapitalrekneskapen (31.12)

Konto	Tekst	Note	2015	2014	Endring
811502	Behaldningar på konto(ar) i Norges Bank		22 842 695	26 400 490	-3 557 795

*Note A blir ikkje utarbeidd for det alminnelige prisreguleringsfondet på bakgrunn av at det ikkje lenger blir gitt tildelingar over statsbudsjettet til fondet. Det er berre årlege renteinntekter som blir bokførde som inntekter til fondet.

3 Oppstilling av fondsrekneskap med notar

Prinsippnote

Fondsrekneskapen

Det alminnelige prisreguleringsfondet har rekneskapsførarnr 811502 og oppgjerskonto 0677 6014 3695 i Noregs Bank.

Fondsrekneskapen tilsvarer oppstillinga av verksemdrekneskapen i årsrekneskapen for statlege verksemdar. Fondsrekneskapen er utarbeidd etter kontantprinsippet. Det inneber at inntektene (overføringar til fondet) blir vist i oppstillinga av resultatet når dei er innbetalt. Utgifter (overføringar frå fondet) blir vist i oppstillinga av resultatet når dei er utbetalt.

Resultatoppstillinga inneheld alle overføringar til og frå fondet i rekneskapsåret. Resultata for perioden er skilnaden mellom overføring til fondet og overføring frå fondet, og resultatet viser netto endringar i fondskapitalen. Resultatet er overført til opptent fondskapital i balanseoppstillinga.

Kapitalinnskot eller tilbakebetaling av kapitalinnskot i fondet blir ikkje vist i resultatoppstillinga, men blir førde direkte i balansen mot innskoten fondskapital.

Oppstilling av resultat for PF i år 2015	Note	2015	2014
<i>Overføringar til fondet</i>			
Overføringar frå andre statlege rekneskap	1	239 578	338 696
Sum overføringar til fondet		239 578	338 696
<i>Overføringar frå fondet</i>			
Overføringar til hushald			
Overføringar til andre statlege rekneskap	2	3 797 373	
Sum overføringar frå fondet		3 797 373	0
Resultat for perioden		-3 557 795	338 696
Disponering			
Overføring av resultat for perioden til opptent fondskapital		3 557 795	-338 696

Oppstilling av balanse for PF i år 2015	Note	2015	2014
Eigedelar			
Oppgjerskonto i Norges Bank		22 842 695	26 400 490
Sum eigedelar		22 842 695	26 400 490
Fondskapital og gjeld			
Innskoten fondskapital	3	21 800 000	21 800 000
Opptent fondskapital	3	1 042 695	4 600 490
Sum fondskapital og gjeld		22 842 695	26 400 490

Note 1

Fondets inntekter består berre av renteavkastninga av behaldninga i Noregs Bank. Dette er vist på linja overføringar frå andre statlege rekneskapar med kr 236 102. I tillegg er det eit beløp på kr 3 476 som blei innbetalt i desember 2015 på fondet som skulle til Konkurransetilsynet. Dette blei korrigert i 2016. I år 2014 var renteavkastninga kr 338 696.

Note 2

Det er gjort følgjande utbetalingar til dei ulike prosjekta hos følgjande tilskotsmottakarar i 2015:

Mottakar	Beløp
Handelshøyskolen BI	487 500,00
NHH	9 7560,00
Oslo Economics AS	325 000,00
Samfunns- og Næringslivsforsikring AS	1 649 812,50
Uni Research AS	900 000,00
Universitetet i Bergen	337 500,00
Sum tilskotsutbetaling 2015	3 797 372,50

Note 3

Innskoten fondskapital: Ved overtaking som sekretariat for fondet i 1999 hadde fondet pr 31. desember ei kontantbeholdning på 21,8 mill. kr. Renteinntektene var på 1,3 mill. kr. Opptent fondskapital er renteavkastning og utbetalingar i perioden frå overtaking av fondet. Ved utbetalingar frå fondet kan det nyttast både renter og innskoten kapital.

Vedlegg 5 – Det alminnelige prisreguleringsfondet: Rapportering på prosjekt

Konkurransetilsynet tildelte ved vedtak 6. mars 2015 for første gong midlar frå Det alminnelige prisreguleringsfond til ein portefølje prosjekt innan konkurranseøkonomi- og juss. Konkurransetilsynet har ved tildelingsvedtaka blant anna stilt krav om halvårleg skriftleg rapport til tilsynet om status og progresjon for dei respektive prosjekta, og at det blir gitt ein presentasjon for tilsynet. Skriftlege rapportar for prosjekta som fekk midlar ved denne første tildeling blei innhenta i oktober for tidsrommet primo mars til september. Når tilsynet har fått halvårsrapportane, har ein vurdert og kontrollert innrapporteringa i samsvar med gjeldande retningslinjer. Rapportane er samanlikna med tilhøyrande prosjektsøknader og vedtak. Det er og henta inn supplerande opplysningar. I det følgjande er ein overordna presentasjon av prosjektporteføljen for 2015/2016, under dette av formåla med prosjekta, planlagde resultat og status.

Konkurransetilsynet gjennomførde ny utlysing av forskingsmidlar hausten 2015 for 2016-2017. Vedtak om tildeling blei gjort i desember 2015, og prosjekta blir sett i gang i 2016.

BECCLE – seminarrekke, internasjonal konferanse, stipend masteroppgåver

BECCLE blei ved vedtak V2015-3 tildelt 450 000 kr i 2015 og 450 000 kr i 2016 til finansiering av seminarrekke, årlege konferansar med internasjonal deltaking i 2015 og 2016, og finansiering av studentstipend til masterstudentar. BECCLE arrangerte i 2015 ni ordinære seminar i Bergen innanfor ei rekke konkurranseøkonomiske og konkurranserettslege tema. I tillegg blei det halde eit halvdagsseminar i Bergen om matvareportalen og eit heildagsseminar i Oslo om matmarknaden. BECCLE heldt sin første årlege konkurransepolitiske konferanse med internasjonal deltaking for juristar og økonomar 23. og 24. april 2015. Konferansen hadde deltakarar frå både styresmakter, akademia og advokatfirma. Frå juni til desember 2015 delte BECCLE ut 13 masterstipend til åtte masteroppgåver i konkurranserett og konkurranseøkonomi ved UiB og NHH (for nokre masteroppgåver skriv fleire studentar oppgåve saman).

Uni Rokkansenteret - *Issues in competition policy - vertical relations, merger remedies and pricing strategy - cartels*

Uni Rokkansenteret fekk ved vedtak V2015-4 tildelt 1 335 000 kr i 2015 og 1 084 000 kr i 2016 til prosjektet "*Issues in competition policy*". Prosjektet består av fleire delprosjekt, der forskarane er gitt handlingsrom til å gjere ei brei tilnærming og starte alle delprosjekt, men kan òg velje å prioritere ned eit delområde som det ved nærare arbeid synest mindre relevant å føre vidare. Prosjektet handlar om vertikale relasjonar, avhjelpande tiltak i fusjonar og prisingsstrategiar og analyse av kartellåtferd. Innanfor området vertikale relasjonar ligg det igjen føre tre delprosjekt: i) *Category captain arrangements (CCA)*, ii) *Pay for delay settlements*, og iii) *Vertical price fixing and welfare*. Prosjektet skal resultere i fem artiklar eigna for internasjonal publisering ved årsskiftet 2016/2017. I delprosjektet iv) *Merger remedies and pricing strategy* er det gjennomført nokre undersøkingar av nasjonal prising i den norske daglegvaremarknaden. Resultatet av arbeidet er venta å få form av ein policy artikkel. For prosjektet v) *Cartels* har forskarane ikkje fått den tilgangen til data som dei har rekna med, og har i staden arbeidd med å byggje datasettet via alternative kjelder, noko som har forseinka prosjektet. Det er gjort ein del funn i dataa som blir vurderte vidare i tillegg til at vidare val av modell blir vurdert. I samsvar med vilkår stilt i tildelingsvedtak, vil det bli gjennomført ein presentasjon av førebels prosjektresultat våren 2016.

Oslo Economics - *UPP rammeverk for å analysere prisseffektar av strukturendringar med vertikale element*

Oslo Economics fekk ved vedtak V2015-10 tildelt 525 000 kr til prosjekt om UPP med vertikale restriksjonar. Formålet med prosjektet er å vidareutvikle prispress-test-rammeverket til Hausman

m.fl. (2011). Prosjektet skal resultere i ein vitenskapleg artikkel som fortrinnsvis skal publiserast. I prosjektet har det i 2015 vore arbeid med modellutvikling, kvalitetssikring, og skiving av artikkel. Det foreløpige arbeidet blei presentert for Konkurransetilsynet i oktober 2015, der det blei gitt munnlege innspel til arbeidet. Utkast til artikkel er levert til Konkurransetilsynet per desember 2015. Gjenstående arbeid omfattar ferdigstilling av artikkel, innarbeiding av fagfelleinnspel og vidare arbeid i samband med publisering av artikkel.

SNF v/ Kurt Brekke – *Competition in Hospital Markets*

Prosjektet fekk ved vedtak V2015-13 tildelt 783 250 kr for 2015 og 708 000 kr for 2016. Formålet med prosjektet er å sjå på effekten av konkurranse i sjukehusmarknaden. Prosjektet omfattar tre delprosjekt: i) *Sykehusfusjoner og incentiver for kvalitet og kostnadseffektivitet*, ii) *Pasientvalg og sykehuskonkurranse*, og iii) *Konkurranse mellom offentlige og private sykehus*. Prosjektet har primært eit empirisk fokus. I prosjektet har det i 2015 vore arbeid med innhenting av data, noko som har tatt lengre tid enn forventa. Det er vidare arbeid med tilrettelegging av data for dei empiriske studiane, drøfting av empirisk metode og foreløpige resultat er drøfta. Foreløpige resultat av prosjektet vil bli presenterte for tilsynet våren 2016.

SNF v/ Ronny Gjendemsjø – *Prissignalisering*

Prosjektet fekk ved vedtak V2015-14 tildelt 445 500 kr for 2015. Prosjektet skal produsere ein *law and economics* artikkel for publisering og ei masteroppgåve om prissignalisering. Det har i 2015 vore arbeid med undersøkingar og utkast til artikkel. Prosjektet og foreløpige idéar blei presentert på Konkurransetilsynets årlege konferanse i Bergen i april 2015. Utkast til artikkel er venta å ligge føre i løpet av februar 2016, noko etter opprinneleg tidsplan. Masteroppgåve er venta fullført vårsemesteret 2016. Resultat av prosjektet vil bli presentert for tilsynet våren 2016.

SNF v/Bjørn Olav Johansen - *Web portals*

Prosjektet "*Web portals*" fekk ved vedtak V2015-16 tildelt 525 500 kr for 2015 og 602 000 kr for 2016. Prosjektet skal resultere i to vitenskaplege artiklar. I det første paperet studerer ein web-portaler, MFN klausular og trussel om "single homing". I det andre paperet blir moglege effektivitetsgrunnar for å bruke MFN studerte, og skal som utgangspunkt omfatte empiriske analysar. Prosjektet er rapportert noko forseinka grunna seinare tildeling enn føreset, og behov for utskifting av prosjektleiar. Når det gjeld det første paperet om web-portaler, MFN klausular og trussel om "single homing" har det vore arbeid med ein modell med mange differensierte hotell som konkurrerer ved å selje hotellrom gjennom mange web-portalar. Det er utleia fleire nye resultat, som er presentert i seminar ved BECCLE i oktober 2015. Utkast til paper vil bli presentert via BECCLE-konferansen i april 2016. Det andre prosjektet er framleis i ein tidleg fase, der det blir arbeid med å få tilgang til data.

SNF v/ Ivar Gaasland - *Bruk av markeder og konkurranse i omsetning av matvarer*

Prosjektet er tildelt 445 500 kr for 2015 ved vedtak V2015-15. Hovudmålet med prosjektet er å greie ut korleis ein i praktisk politikk kan legge til rette for ei mest mogleg effektiv omsetning av matvarer samstundes som sentrale politiske målsettingar for jordbrukspolitikken blir tatt vare på. Prosjektet har tre delmål: i) *Beskrivelse av dagens markedsregulering og omsetningssystem*, ii) *Samfunnsøkonomiske problemar og kostnader ved dagens system* og iii) *Implementering av et mer markedsbasert omsetningssystem – utfordringer og muligheter*. Prosjektet har levert endeleg rapport i februar 2016, noko etter opprinneleg plan. Resultat av prosjektet blir presentert for Konkurransetilsynet våren 2016.

Forskningscenteret CREAM v BI v/ Riis og UiO v/ Moen - *Konkurransopolitikk i dynamiske markeder og markeder med strukturelle nettverkseffekter*

Prosjektet blei ved vedtak V2015-21 tildelt 650 000 kr i 2015 og 650 000 kr i 2016. Prosjektet består av to delprosjekt: i) *Konkurransopolitikk i dynamiske markeder* og ii) *Prising og konkurransepolitikk i markeder med strukturelle nettverkseffekter* og skal resultere i to vitenskaplege artiklar. Det har i 2015 vore arbeid med "*Optimal Pricing with Local Network Externalities*", der prisåferd under monopol

og duopolkonkurransen blir analysert i ein marknad med ein særskilt nettverksstruktur, der medlemmene sin identitet har relevans. I delprosjektet "*Cumulative innovation and patent design*" analyserer ein patentdesign i ein dynamisk modell der nye produkt kviler på tidlegare generasjonar, og der selskapa gjer både forskningsinvesteringar (for å generere nye idéar) og utviklingsinvesteringar (kommersialisere idéane). Det kjem fram her at sterk «leading breadth» har nokre svært uheldige eigenskapar i kumulative marknader ved å fortrenge «mindre» innovasjonar. Ved halvårsrapporteringa var desse arbeida i ein avsluttande fase. Vidare arbeid omfattar slutføring av desse arbeida, og arbeid med korleis konkurransepolitikken handheving av regelverkets føresegner om dominerande stilling kan påverke dynamikken i marknader. Delar av prosjektet blei presentert i seminar på BECCLE februar 2016. Ein meir heilskapleg presentasjon av prosjektet og foreløpige resultat vil bli gjennomført våren 2016.

NHH v/ Morten Sæthre - *Competition and Development of Productivity in the Retail Sector*

Prosjektet blei ved vedtak V2015-20 tildelt 110 000 kr i 2015 og 90 000 kr i 2016. Prosjektet har som formål å studere korleis konkurranse og produktivitet påverkar kvarandre i eit dynamisk perspektiv. Siktemålet er at resultat skal publiserast i eit økonomisk tidsskrift. Gjennom prosjektet skal det utviklast og estimerast modellar, og det skal analyserast korleis dynamiske verknader på produktivitet kan forbetre utøving av konkurransepolitikk og marknadsregulering. Utgangspunktet er i detaljerte data frå apotekhandelen. I 2015 har det vore arbeidd med omfattande tilrettelegging av data, og innhenting av ytterlegare data og sikringsprosessar for sensitive data. Vidare har det vore arbeidd med beskriving av modell, utvikling av analysekode/eigenprodusert forskingsprogramvare og foreløpige økonometriske analysar. Foreløpige resultat i prosjektet blir presenterte for tilsynet våren 2016.